



Vestlandsforskning  
Boks 163, 6851 Sogndal  
Tlf.: 57 67 61 50  
Internett: [www.vestforsk.no](http://www.vestforsk.no)

**VF-rapport 6/2005**

# **Ungdomsbarometeret 2005**

**Hogne Lerøy Sataøen, Marius Knagenhjelm**

# VF Rapport

<b>Tittel</b> Ungdomsbarometeret 2005	<b>Rapport nr.</b> 6/2005
	<b>Dato</b> 23.12.2005
	<b>Gradering</b> Open
<b>Prosjekttittel</b> Ungdomsbarometer Sogn og Fjordane	<b>Sidetal</b> 61 + vedlegg
	<b>Prosjektnr.</b> 6015
<b>Forskarar</b> Hogne Lerøy Sataøen, Marius Knagenhjelm	<b>Prosjektansvarleg</b>
<b>Oppdragsgjevar</b> Sparebanken Sogn og Fjordane Innovasjon Noreg	<b>Emneord</b> Ungdom, haldningar
<b>Samandrag</b> Ungdomsbarometeret 2005 er ei spørjegransking retta mot sisteårselevar på vidaregåande skular i Sogn og Fjordane. Undersøkinga har to siktemål. Det første er å samle informasjon og kunnskap om ungdom i Sogn og Fjordane sine tankar og val. Her fokuserer vi særleg på korleis ungdommen i fylket tenkjer kring utdanning, arbeidsliv og (attende)flytting. Den andre målsetjinga er å bidra til å gje ungdom informasjon om kva ei framtid i fylket kan by på av moglegheiter og utfordringar. Dette skjer dels i sjølve undersøkinga, og dels i formidlinga gjennom Furore-satsinga. Ungdomsbarometeret er starta opp på andre året, med mål om å bli ein informasjonsbase over kva ungdommane i Sogn og Fjordane meiner om fylket og framtida. I år har vi i tillegg valt å utvide undersøkinga med ein kvalitativt orientert studie av Stryn vgs. Målet er både å få ei djupare forståing av hovudtrekka i surveyen, og å fokusere på Stryn sine ambisjonar om å utvikle ein entreprenørorientering blant ungdom.	
<b>ISBN:</b> 82-428-0356-4	<b>Pris</b>

## **Føreord**

Dette notatet bygger på resultatene frå Ungdomsbarometeret 2005. Undersøkinga er starta opp på andre året, og vil vonaleg bli ein årleg informasjonsbase over kva ungdom i Sogn og Fjordane meiner om fylket og framtida. Nytt av året er at granskinga er utvida med ein kvalitativt orientert studie av ein utvalt skule i fylket; i år er dette Stryn vidaregåande skule. Siktemålet her er både å få ei betre og djupare forståing av hovudtrekka i surveyen, i tillegg til å sjå meir spesielt på verknadene av Stryn sitt fokus på entreprenørskap og ungdomsbedrifter.

Rapporten er i stor grad framstilt slik at oppdragsgjevarane - Sparebanken Sogn og Fjordane og Innovasjon Noreg - skal ha nytte av resultatene i si Furore-statsing. I dette ligg det at framstillinga er brei; alle tal og fordelingar er presenterte. På denne måten er dei fleste resultatene formidla på ein slik måte at brukaren sjølv kan vurdere kva som er nyttig og ikkje. Likevel er det i deloppssummeringar og hovudkonklusjonen presentert kva Vestlandsforskning meiner er dei mest interessante og relevante funna.

Det er fleire som skal takkast for at denne rapporten kan tuftast på eit godt empirisk materiale: først og fremst elevane som har svart på undersøkinga, spesielt dei som stilte opp til djubdeintervju i Stryn. I denne samanhengen takkar vi òg særskilt lærarane Helge Gjørven og Margunn Skiftesvik. Knut Grinde i Sogn og Fjordane fylkeskommune skal ha takk for informasjonsarbeid overfor dei ulike skulane. For informasjon og materiell om entreprenørskap og ungdomsbedrifter takkar vi Ivar Offerdal ved Høgskulen i Sogn og Fjordane.

Sogndal, 23. Desember 2005

Hogne Lerøy Sataøen  
Marius Knagenhjelm

# Innhold

Føreord .....	3
Innhold.....	4
Tabellar.....	5
Figurar .....	7
Samandrag .....	8
1.0 Innleiing .....	10
2.0 Metode.....	11
2.1 Kvantitativ tilnærming .....	11
2.1.1 Oppbygging av spørjeskjemaundersøkinga .....	11
2.1.2 Skildring av populasjon og utval.....	12
2.2 Kvalitativ tilnærming .....	16
2.2.1 Gjennomføring .....	16
2.3 utfordringar.....	17
3.0 Analytiske perspektiv .....	18
4.0 Kvantitativ undersøking .....	20
4.1 Tema: Etablering av bedrift.....	21
4.1.1 Deloppsumming for tema etablering av bedrift .....	27
4.2 Tema: Jobb og næring i Sogn og Fjordane .....	27
4.2.1 Deloppsumming for temaet jobb og næring i Sogn og Fjordane.....	35
4.3 Tema: Fylket og framtida .....	35
4.3.1 Deloppsumming for tema fylket og framtida.....	41
4.4 Tema: Livet i Sogn og Fjordane.....	42
4.4.1 Deloppsumming av tema livet i Sogn og Fjordane.....	45
4.5 Årets tema: reise og internasjonalisering .....	46
4.5.1 Deloppsumming av tema reise og internasjonalisering: .....	50
5.0 Kvalitativ undersøking .....	51
5.1 Sogn og Fjordane som pioner – Stryn som Fyrtårn .....	52
5.2 Oppleving av å bu i Sogn og Fjordane .....	56
6.0 Oppsummering .....	58
7.0 Litteratur.....	60
Vedlegg I: Tabellar.....	62
Vedlegg III: Intervjuguide.....	72

## Tabellar

Tabell 2.1 Tal totalpopulasjon fordelt på studieretning og kjønn .....	12
Tabell 2.2 Tal respondentar fordelt på studieretning og kjønn .....	13
Tabell 2.3 Respondentar i prosent av totalpopulasjonen fordelt på studieretning og kjønn. ...	13
Tabell 2.4 syner grupperinga av ulike studieretningar i to kategoriar; allmenne fag og yrkesretta fag. ....	14
Tabell 2.5 syner fordelinga mellom allmenne fag og yrkesfag etter samanslåinga .....	15
Tabell 2.6 syner kor mange prosent av totalpopulasjonen som har respondert fordelt på dei to studieretning og kjønn. ....	15
Tabell 2.7 Oversyn over informantar til djubdeintervju ved Stryn vidaregåande skule .....	17
Tabell 4.1: Svarprosent på spørsmålet ”har du vore med på elevbedrift eller ungdomsbedrift?” .....	21
Tabell 4.2: Svarprosent på spørsmålet ”kan du tenkje deg å etablere bedrift ein gong? Altså starte di eiga bedrift frå grunnen av?” .....	22
Tabell 4.3: Svarprosent på spørsmål om respondentane kan tenkje seg å starte eiga bedrift (når respondenten har vore med på elev- eller ungdomsbedrift) .....	22
Tabell 4.4: Svarprosent på spørsmål om respondentane kan tenkje seg å starte eiga bedrift (når respondenten ikkje har vore med på elev- eller ungdomsbedrift) .....	22
Tabell 4.5: Svarprosent på spørsmålet ”kunne du tenkje deg å starte ei slik bedrift [som Moods of Norway]?” .....	26
Tabell 4.6: Gjennomsnittsscore på ungdomane si vurdering av ei bedrift dei kjenner i fylket for 2004 og 2005. ....	29
Tabell 4.7: Svarprosent på spørsmålet ”kva bransje kunne du tenke deg å jobbe i, eller starte bedrift i?” .....	31
Tabell 4.8: Svarprosent på spørsmålet ”kunne du tenkje deg å jobbe i Sogn og Fjordane?” ...	32
Tabell 4.9: Prosentfordeling på spørsmålet ”trur du jobbane i Sogn og Fjordane er betre eller dårlegare betalt andre stader (for eksempel Bergen eller Oslo)?” .....	34
Tabell 4.10: Prosentfordeling på spørsmålet ”trur du jobbane i Sogn og Fjordane er artigare eller meir keisame enn andre stader (for eksempel Bergen eller Oslo)?” .....	34
Tabell 4.11: Prosentfordeling på spørsmålet ”trur du jobbane i Sogn og Fjordane er meir eller mindre stressande enn andre stader (for eksempel Bergen eller Oslo)?” .....	35
Tabell 4.12: Prosentfordeling på spørsmålet ”korleis trur du Sogn og Fjordane vil utvikle seg?” .....	36
Tabell 4.13: Prosentfordeling på spørsmålet ”kva planar har du for vidare utdanning?” .....	37
Tabell 4.14: Prosentfordeling på spørsmålet ”kvifor er du usikker på kva du skal gjere etter vidaregåande?” .....	40
Tabell 4.15: Prosentfordeling på spørsmålet ”kven høyrer du på når du skal velje utdanning?” .....	40
Tabell 4.16: Prosentfordeling på spørsmålet ”tenkjer du på om dine framtidsplanar passar til jobbar i Sogn og Fjordane?” .....	41
Tabell 4.17: Prosentfordeling på spørsmålet ”kva meiner du om å busetje deg i Sogn og Fjordane?” .....	42
Tabell 4.18: Prosentfordeling på spørsmålet ”kva er viktig for deg når du skal bestemme deg for kvar du vil bu i framtida? .....	43
Tabell 4.19: Prosentfordeling på spørsmålet ”kva er det verste med å bu i Sogn og Fjordane?” .....	43
Tabell 4.20: Prosentfordeling på spørsmålet ”kva er det beste med å bu i Sogn og Fjordane?” .....	44

Tabell 4.21: Prosentfordeling på spørsmålet ”er du samd eller usamd i at det er betre for born og unge å vekse opp i Sogn og Fjordane?” .....	44
Tabell 4.22: Prosentfordeling på spørsmålet ”er du samd eller usamd i at miljøet i Sogn og Fjordane er for smått for meg?” .....	45
Tabell 4.23: Prosentfordeling på spørsmålet ”kan du tenkje deg eitt år som utvekslingslev i utlandet?” .....	46
Tabell 4.24: Prosentfordeling på spørsmålet ”kva type feriereise vil du helst reise på?” .....	47
Tabell 4.25: Prosentfordeling på spørsmålet ”har du føreteke reiser på over 100 km eller reiser til utlandet i løpet av siste halvår?” .....	47
Tabell 4.26: Prosentfordeling på spørsmålet ”kva var føremålet med reisa?” .....	48
Tabell 4.27: Prosentfordeling på spørsmålet ”kva var hovudtransportmidlet?” .....	48
Tabell 4.28: Prosentfordeling på spørsmålet ”har du førarkort for bil, eller planlegg du å ta førarkort i løpet av dei to neste åra?” .....	49
Tabell 4.29: Prosentfordeling på spørsmålet ”kan du ein gong i framtida tenkje deg å bu i utlandet?” .....	49
Tabell 4.30: Prosentfordeling på spørsmålet ”kvar vil du helst bu?”.....	50
Tabell 5.1 Andelen elevar som kan tenkje seg å starte bedrift i Stryn og andre skular i fylket	53
Tabell 5.2 Andelen elevar som kan syns bedrifter i Sogn og Fjordane er kjedeleg- spennande i Stryn og resten av fylket. (1 kjedeleg – 5 spennande). .....	54
Tabell 5.3 Andelen elevar som kan syns bedrifter i Sogn og Fjordane er tradisjonell –moderne i Stryn og resten av fylket (1 tradisjonell 5 framtidsretta). .....	54
Tabell 5.4 Skjematisk oversyn over korleis informantane opplever å bu i Stryn vs. ein by....	57

## Figurar

Figur 4.1: Svarprosent på spørsmålet ”kva er viktigaste grunnen til at du kunne tenkje deg å starte bedrift?” .....	23
Figur 4.2: Svarprosent på spørsmålet ”kva er viktigaste grunnen til at du ikkje kunne tenkje deg å starte bedrift?” .....	24
Figur 4.3: Svarprosent på spørsmålet ”kva er viktigaste grunnen til at du er usikker på om du vil starte bedrift?” .....	24
Figur 4.4 Svarprosent på spørsmålet ”om du skal starte ei bedrift. Vil du at den skal ligge i Sogn og Fjordane?” .....	25
Figur 4.5 Svarprosent på spørsmålet ”tenk på ei bedrift du kjenner i fylket. Kva meiner du om denne bedrifta? Frå kjedeleg til spennande.” .....	28
Figur 4.6: Svarprosent på spørsmålet ”tenk på ei bedrift du kjenner i fylket. Kva meiner du om denne bedrifta? Frå tradisjonell til framtidsretta.” .....	28
Figur 4.7: Prosentfordeling for spørsmålet ”veit du kva slags jobbar vi har mest av i Sogn og Fjordane?” .....	30
Figur 4.8: Prosentfordeling på spørsmålet ”kryss av for dei tinga du meiner er viktigast med ein jobb.” .....	33
Figur 4.9: Prosent som svarar ”ofte” på spørsmålet ”korleis får du vite om ting som skjer i Sogn og Fjordane?” .....	36
Figur 4.10: Prosentfordeling på spørsmålet ”kor mange år vil du bruke på utdanninga?” .....	37
Figur 4.11: Prosentfordeling på spørsmålet ”kva fag vil du studere?” .....	39

## Samandrag

Ungdomsbarometeret er undersøking blant ungdomar i Sogn og Fjordane. Granskinga tek sikte på å systematisere informasjon om kva ungdomane tykkjer om livet i fylket. Undersøkinga er retta mot andreklassingar på yrkesfag og tredjeklassingar på allmenne fag i Sogn og Fjordane. Barometeret er tufta på to datakjelder; ei spørjeskjemaundersøking for alle elevane, samt djubdeintervju med nokre utvalte elevar. Til saman er det 704 respondentar som har svara på spørjeskjemaundersøkinga, noko som gjev ein svarprosent på 42. Djubdeintervjua omfattar til saman 13 elevar ved Stryn vidaregåande skule. Denne skulen er blinka ut fordi ein her har arbeidd målretta med entreprenørskap over lengre tid. Tallgrunnlaget er noko betre i årets undersøking samanlikna med Ungdomsbarometeret 2004. Svarprosenten er auka, i tillegg til at vi har betre representasjon av dei ulike gruppene i undersøkinga.

Ungdomsbarometeret 2005 er ei vidareføring av tilsvarande gransking frå 2004. Resultata i år skil seg ikkje i nemneverdig grad frå det som kom fram i fjor. Hovudmønsteret er mykje det same, men det er grunn til å peike på at ungdom i år legg for dagen ei noko meir positiv holdning til fylket. Dette gjev seg utslag på fleire av spørsmåla, ikkje minst i forhold til kva ungdom meiner om næringslivet i Sogn og Fjordane. Denne positive tendensen finn vi att i den første bolken av Ungdomsbarometeret, som handlar om bedriftsetablering. Her ser vi ein auke i andelen som har teke del i ungdoms- og elevbedrift, samanlikna med i fjor. Vidare finn vi at 41 prosent av ungdomane i undersøkinga svarar at dei kan tenkje seg å starte eiga bedrift. Dette er ein auke på seks prosentpoeng i høve til fjoråret. Hovudgrunnen til kvifor ungdom ønskjer å etablere bedrift er lysta til å "skape noko sjølv". Dette er ei endring frå i fjor då det var større oppslutnad kring kategorien "tene masse pengar."

Ungdomsbarometeret 2005 syner at ungdom i Sogn og Fjordane vurderer bedriftene i fylket som meir framtidsretta enn tradisjonelle, og meir spennande enn kjedelege. Denne holdninga er vidare meir framtrekande blant gutar enn blant jenter, og er meir tydeleg blant yrkesfagselevar enn blant allmennfagselevar. I tillegg er det slik at denne positive oppfatninga av bedrifter ungdomen kjenner til i fylket er sterkare i år enn ved fjorårets undersøking. Likevel viser det seg at det er ei utbreidd oppfatning av at primærnæringane jordbruk, skogbruk og fiske er dei viktigaste kjeldene til sysselsetting i fylket. Dette er samstundes næringar dei færreste ønskjer å få seg jobb i. Såleis ser vi at ungdommane si oppfatning av fylket sine jobbar ikkje harmonerer med det dei sjølv kan tenkje seg å arbeide med.

Tala som omhandlar ungdomane sitt syn på framtida er positiv lesing sett i eit Sogn og Fjordane-perspektiv. Halvparten av ungdommane trur fylket vil utvikle seg i positiv retning. I motsetnad til i fjor kan vi *ikkje* seie at det er store forskjellar mellom studieretning eller kjønn når det gjeld nett dette spørsmålet. 54 prosent av respondentane svarar at dei ønskjer å ta høgare utdanning. Det er svært få som opplyser at dei ikkje ønskjer å gå meir på skule. I desse tala ligg det ei vesentleg utfordring for fylket. Ikkje minst er det slik fordi undersøkinga også viser at respondentane i stor grad ønskjer ei lang utdanning (over fem år), noko som i hovudsak ikkje er foreneleg med ei framtid i fylket på kort sikt. Likevel viser resultata at ungdom i fylket ikkje er framande for å bu i Sogn og Fjordane - på litt lengre sikt. Heile 65 prosent av elevane svara at dei "har lyst til å bu her," eller "har lyst til å bu her, men først om nokre år." Den gruppa som i størst grad gjev uttrykk for at dei har lyst til å bu i fylket er gutar på yrkesretta fag. Det er òg interessant å merke seg at andelen som svarar at dei ikkje vil bu i Sogn og Fjordane er låg for alle grupper av respondentar.



I haust har det vore fleire oppslag i pressa om at ungdom i Sogn og Fjordane i mindre grad enn andre ungdomar reiser ut i verda for utdanning og utveksling<sup>1</sup>. Dette stemmer dårleg med det *biletet* som trer fram i Ungdomsbarometeret 2005 – det står i alle fall ikkje på viljen og ønsket om å reise ut. Med unntak av gutar på yrkesfag er det ei overvekt av elevar som kan tenkje seg å ta eit år som utvekslingselev eller -student i utlandet. Vidare er det i størst grad jentene som er interesserte i dette – både blant dei på allmennfaglege og yrkesfaglege studieretningar.

I tillegg til spørjeskjemaundersøkinga vart det gjennomført djubdeintervju ved Stryn vidaregåande skule. Her vart det fokusert spesielt på arbeidet med entreprenørskap og ungdomsbedrifter. Djubdeintervjua antyda at elevane i Stryn har stor bevisstheit kring etablering og entreprenørskap, sjølv om ikkje alle informantane hadde delteke i ungdomsbedrifter. Samtalene med elevane tyda på at dei lokale bedriftene i nærområdet hadde stor betydning for korleis ungdomane oppfatta næringslivet i fylket generelt. I intervjua vart gjerne suksesshistorier frå Stryn, som til dømes Aloha Hemp og Moods of Norway, trekt fram og brukt som forklaring. Trenden var at ungdomane oppfatta jobbmoglegheitene i regionen som gode, noko spørjeskjemaundersøkinga også understreka. Her syntet det seg nemleg at ungdomane i Stryn jamnt over har eit meir positivt inntrykk av jobbane i fylket, samt at dei i noko større grad kan tenkje seg å starte eiga verksemd, samanlikna med ungdom i fylket generelt. Arbeidet ein har gjort i Stryn med omsyn til ungdomsbedrifter og entreprenørskap kan ha medverka til ein slik positiv *tendens*. I alle høve er dette arbeidet viktig og fornuftig utifrå dei utfordringane Sogn og Fjordane står overfor, blant anna med å skape nye og fleire arbeidsplassar.

Djubdeundersøkinga viste likevel òg at ungdomen på mange måtar har eit ambivalent forhold til det å bu i fylket. Ei typisk forståing synes å vere at det er trygt og godt, men samstundes litt for smått.

---

<sup>1</sup>Til dømes Nationen 20.09.05 “Flest bystundar reiser utanlands.” Her står det mellom anna at det ”er fire gongar så høg sjanse for at ein ungdom frå Oslo dreg til utlandet for å studere som at ein ungdom frå distrikta gjer det same” (Nationen 20.09.05). Tal frå lånekassa er grunnlaget for oppslaget.

## 1.0 Innleiing

Ungdomsbarometeret er ei undersøking blant ungdom i Sogn og Fjordane. Granskinga er finansiert av Innovasjon Noreg og Sparebanken Sogn og Fjordane. Vestlandsforskning har stått for gjennomføringa av arbeidet. Dette er andre året undersøkinga blir gjennomført, og ein tek sikte på at dette skal bli eit årvisst tiltak.

Ungdomsbarometeret 2005 er bygd på same lesten som fjorårets gransking (Fløtre 2004), samstundes som det òg inneheld nokre nye element. Prosjektet er tredelt, og består av (1) årlege faste spørsmål, (2) årets tema og (3) årets skule. Punkt 1 og 2 (årlege faste spørsmål og årets tema) blir handsama i eit web-basert spørjeskjema, medan punkt 3 (årets skule) er caseorientert, og basert på djubdeintervju med eit utval skuleelevar. Datagrunnlaget bygger såleis på to ulike metodiske tilnærmingar.

Målsetnaden med barometeret er tosidig. For det første ønskjer vi å samle informasjon og kunnskap om ungdom i Sogn og Fjordane sine tankar og val. Her fokuserer vi særleg på korleis ungdommen i fylket tenkjer kring bedriftsetablering, arbeidsliv og utdanning. I tillegg ser vi nærare på kva ungdom tenkjer om å bu og etablere seg i Sogn og Fjordane. For det andre ønskjer vi at undersøkinga skal bidra til å gje ungdom informasjon om kva ei framtid i fylket kan by på av moglegheiter og utfordringar. Dette skjer dels i sjølve undersøkinga, og dels i formidlinga gjennom Furore-satsinga til Sparebanken Sogn og Fjordane og Innovasjon Noreg. Furore-satsinga består mellom anna av eit ungdomsmagasin, sjå webside <http://www.furore.sf.no>

Bakgrunnen for granskinga, og det etterfølgjande Furoreprosjektet, er utfordringane Sogn og Fjordane har i høve til å få ungdom til å bli verande i fylket, eller flytte attende etter ferdig utdanning. I samband med dette er det interessant å sjå på nokre sprikande og til dels paradoksale tendensar i fylket:

- Sogn og Fjordane har eit stort flyttetap, og negativ nettoflytting i følge Statistisk Sentralbyrå<sup>2</sup>
- Sogn og Fjordane scorar likevel høgt på trivselsstatistikkar. Til dømes meldte NRK 13. oktober i år at Sogn og Fjordane offisielt vart utnemnt til ”trygt fylke” av Verdas helseorganisasjon, WHO<sup>3</sup>. Sogn og Fjordane er det første fylket her i landet som får denne merkelappen

Ungdomsbarometeret 2005 tek sikte på å grave i desse spenningane. Temaet for undersøkinga er difor svært breitt og omfattande. Spørsmåla krinsar kring ungdom i fylket sine holdningar til arbeidsliv og -livet meir generelt, i tillegg til ungdommen sitt syn på Sogn og Fjordane og framtida. Såleis fungerer undersøkinga også nettopp som eit *barometer*, i den forstand at vi ”måler trykket” i ungdomsmiljøa i Sogn og Fjordane. Vonaleg kan prosjektet også vere eit verktøy i arbeidet med målretta tiltak for ungdom, både med tanke på at dei skal trivast og at dei skal flytte attende.

Denne rapporten samanfattar hovudfunna i undersøkinga. I den første delen blir det gjort greie for det metodiske og teoretiske grunnlaget som resultatene bygger på. Her skal vi kort sjå korleis undersøkinga er bygd opp, og kva andre ungdomsundersøkingar i fylket har vist. I den andre

---

<sup>2</sup> Jf. <http://www.ssb.no/flytting/tab-2005-03-31-03.html>

<sup>3</sup> [http://www.nrk.no/nyheter/distrikt/nrk\\_sogn\\_og\\_fjordane/5136741.html](http://www.nrk.no/nyheter/distrikt/nrk_sogn_og_fjordane/5136741.html)

delen av rapporten blir resultatene frå undersøkinga presentert. Først blir talmaterialet frå spørjeskjemaundersøkinga gjort greie for ved hjelp av tabellar og figurar, samt at dei ulike deltema blir oppsummert. Deretter blir djubdeintervjua frå Stryn vgs. diskutert, der fokuset særleg er retta mot Stryn vidaregåande skule sitt arbeid med ungdomsbedrifter og ungt entreprenørskap.

## **2.0 Metode**

Uforminga av Ungdomsbarometeret 2005 bygger på erfaringar frå i fjor. Store delar av spørsmålsbatteriet frå Ungdomsbarometeret 2004 er vidareført. Grunnen til dette er at vi på denne måten har høve til bygge oss opp ein kunnskapsbase, og såleis etterkvart peike på trendar og tendensar i ungdomsmiljøa i fylket. Samstundes som vi held fast ved ein del variablar frå i fjor, ønskjer vi òg å bringe inn nye moment. Sentralt her er ein casestudie av Stryn vgs. Denne undersøkinga er basert på kvalitative intervju og i stor grad eigna til å illustrere og problematisere funna i den kvantitative undersøkinga.

Metodisk er såleis ungdomsbarometeret 2005 tufta på to datakjelder. Under er det gjort greie for dei metodane som er nytta, og eigenskapar ved dei datakjeldene som undersøkinga er basert på.

### **2.1 Kvantitativ tilnærming**

I den kvantitative undersøkinga har respondentane svart på eit spørjeskjema over Internet. Undersøkinga gjeld elevar i vidaregåande opplæring; tredjeklassingar på allmennfaglege studieretningar og andreklassingar på yrkesfaga. Undersøkinga er gjennomført kring om på dei ulike vidaregåande skulane i fylket, og er besvart i skuletida. I samarbeid med oppdragsgjevarane har fylkeskommunen sendt ut skriv til dei vidaregåande skulane, med informasjon om gjennomføringa av undersøkinga (vedlegg II). Dette brevet vart følgt opp veka etter med oppmoding om deltaking i undersøkinga. Undersøkinga starta måndag 31. oktober, og vart avslutta fredag 11 november.

#### **2.1.1 Oppbygging av spørjeskjemaundersøkinga**

Spørjeskjemaet ungdomane har svart på er delt inn i fem bolkar (sjå vedlegg I). Desse bolkane er:

1. Etablering av bedrift
2. Jobb og næring i Sogn og Fjordane
3. Fylket og framtida
4. Livet i Sogn og Fjordane
5. Reise og internasjonalisering

Bolkane 1-4 er i grove trekk tufta på variablane vi nytta i fjor, men det er likevel ein reduksjon av antal spørsmål. Variablane vi har valt å halde fast på er i hovudsak basert på tilbagemeldingar frå Sparebanken Sogn og Fjordane/Innovasjon Noreg om kva funn dei i fjor hadde mest nytte av. I tillegg til desse tema, som er vidareført frå i fjor, har vi vald å inkludere ein femte bolk; årets tema. For Ungdomsbarometeret 2005 er dette reise og internasjonalisering.

Erfaringane frå i fjor viste at ungdom er ei gruppe som det kan vere utfordrande å kommunisere med. Det var difor viktig å konstruere spørsmål som respondentane både skjønnte og likte. Den webbaserte undersøkinga hadde difor ei ”pirrande” framtoning.

Vidare kan vi ikkje karakterisere undersøkinga som ein tradisjonell survey. Eit av siktemåla var òg å *formidle* informasjon. Spørjeundersøkinga var difor lagt opp som ein prosess beståande av både nøytrale spørsmål og nyttige fakta. For å få til dette på ein god måte nytta vi q-wiz teknologien i utforminga av spørjegranskinga. Dette betyr at undersøkinga også inneheldt faktainformasjon og respondenten fekk i somme delar av undersøkinga svar fortløpande. Desse svara inneheld fakta og informasjon, samt at det kan verke skjerpande å få kontinuerlege tilbakemeldingar. Resultata blei samstundes samla og analyserte.

Den tekniske løysinga til undersøkinga har RKIT, ved Rune Kjølraug, i Sogndal levert. Surveyen er basert kun på avkryssing og det skal ikkje fyllast inn tekst overhovudet. Vidare vart undersøkinga lagt opent ut på nettet, men skjerma for søkemotorar. I år har vi òg valt å filtrere svara, slik at uønska svar kunne sorterast vekk<sup>4</sup>.

### 2.1.2 Skildring av populasjon og utval

Undersøkinga var i prinsippet open for alle tredjeklassingar ved studieførebuande fag, og alle andreklassingane ved yrkesfaglege utdanningar, jf. brev til skulane (vedlegg II). Populasjonen er i følge tal frå Sogn og Fjordane fylkeskommune 1660. Av desse har vi fått fullstendige svar frå 704 respondentar, noko som gjev ein svarprosent på 42,4 prosent. Ufullstendige svar er ikkje handsama i analysen. Bakgrunnen for dette er undersøkinga somme stader har gått tregt, og vore vanskeleg å fullføre. Ufullstendige svar kan difor vere uttrykk for at respondenten har starta undersøkinga oppatt, og såleis gjeve eit fullstendig svar i neste omgang.

Tabell 2.1 Tal totalpopulasjon fordelt på studieretning og kjønn

<b>Totalpopulasjon</b>			
Studieretning	Jente	Gut	Total
Allmennfag/ øk. og adm.fag	312	246	558
Idrettsfag / musikk, dans, dram	83	66	149
Media og kommunikasjon / sal og service	68	39	107
Naturbruk	15	34	49
Helse- og sosialfag	165	10	175
Formgjevingsfag	87	12	99
Hotell og næringsmiddelfag	49	26	75
Byggfag/ teknisk byggfag	9	115	124
Elektrofag	8	152	160
Mekaniske fag / kjemi og prosessfag	12	147	159
Trearbeidingsfag	2	3	5
Sum	810	850	1660

Kjelde: Sogn og Fjordane Fylkeskommune

<sup>4</sup> Ip-adressene til respondentane vart lagra, og sidan koda om til skule.

Tabell 2.2 Tal respondentar fordelt på studieretning og kjønn

<b>Respondentar</b>			
Studieretning	Jente	Gut	Total
Allmennfag/ øk. og adm. fag	170	125	295
Idrettsfag / musikk, dans, dram	9	11	20
Media og kommunikasjon / sal og service	20	11	31
Naturbruk	15	24	39
Helse- og sosialfag	58	4	62
Formgjevingsfag	65	5	70
Hotell og næringsmiddelfag	16	8	24
Byggfag/teknisk byggfag	2	40	42
Elektrofag	1	50	51
Mekaniske fag / kjemi og prosessfag	6	59	65
Trearbeidingsfag	2	3	5
Sum	364	340	704

Tabell 2.1 viser i heile tal totalpopulasjonen i vidaregåande opplæring i fylket, splitta i studieretning og kjønn. Tabell 2.2 viser i heile tal kor mange respondentar vi har innan dei ulike gruppene. I vurderinga av datamaterialet er det sentralt å få eit overblikk over kor stor andel som har svart innan dei ulike gruppene, for å sjå om det kan vere overrepresentasjon eller underrepresentasjon. Tabellen under viser kor mange prosent av totalpopulasjonen som har svart innan gruppene studieretning og kjønn

Tabell 2.3 Respondentar i prosent av totalpopulasjonen fordelt på studieretning og kjønn.

Studieretning	Jente	Gut
Allmennfag/ øk. og adm. fag	54	51
Idrettsfag / musikk, dans, dram	11	17
Media og kommunikasjon / sal og service	29	28
Naturbruk	100	71
Helse- og sosialfag	35	40
Formgjevingsfag	75	42
Hotell og næringsmiddelfag	33	31
Byggfag/teknisk byggfag	22	35
Elektrofag	13	33
Mekaniske fag / kjemi og prosessfag	50	40
Trearbeidingsfag	100	100
Total	45	40

Vi ser her at det er ein noko større andel jenter enn gutar har svart på undersøkinga (totalt 45 prosent mot 40 prosent). Vidare ser vi at det er skilnad på den prosentvise deltakinga på ulike studieretningar. Vi ser til dømes at kun 11 prosent av jentene på idrettsfag har delteke i ungdomsbarometeret, mot 100 prosent av jentene på naturbruk.

I rapporteringa av resultatata frå Ungdomsbarometeret 2005 vil det i hovudsak bli nytta to bakgrunnsvariablar: kjønn og studieretning. Dette er i tråd med gjennomføringa av fjorårets undersøking, der desse variablane synte seg å ha stor forklaringskraft. Studieretningane er difor i analysen slått saman til to grove kategoriar; yrkesfag og allmennfag. Denne faginnndelinga er presentert i tabellen under:

Tabell 2.4 syner grupperinga av ulike studieretningar i to kategoriar; allmenne fag og yrkesretta fag.

#### Samanslåing av studieretningar

Allmennfag/ øk. og adm. fag	
Idrettsfag / musikk, dans, dram	Allmennfag
Media og kommunikasjon / sal og service	
<hr/>	
Naturbruk	
Helse- og sosialfag	
Formgjevingsfag	
Hotell og næringsmiddelfag	Yrkesfag
Byggfag/teknisk byggfag	
Elektrofag	
Mekaniske fag/kjemi og prosessfag	
Trearbeidingsfag	

Ei slik inndeling har sjølvsagt fordeler og ulemper. Til dømes kan det vere store skilnader mellom linjer på yrkesfaga, og ei slik inndeling kan tilsløre nettopp dette. Det er likevel fleire grunnar til å nytte ei slik todeling. For det første har vi ikkje talmateriale som gjer at vi kan presentere *alle* studieretningane for seg, blant anna på grunn av over- og underrepresentasjon, jf. tabell 2.3. For det andre er det ei rekkje teoretiske framlegg som antyder at eit slikt skilje er vesentleg i forståinga av ungdomsmiljøa i fylket.

I Sogn og Fjordane er dette kanskje best eksemplifisert i Gunnar Jørgensen sine studiar utført ved Høgskulen i Sogn og Fjordane. Eit hovudpoeng her er at ungdomskulturen i Sogn og Fjordane er todelt, noko Jørgensen samanfatar i typologien slaur-geni. Sjølv om Jørgensen understrekar at desse kategoriane kan vere problematiske å bruke som gruppenemningar ”er dette sentrale kategorier i de unges konstruksjon av en sosial orden [...] Slaur og geni er betegnelser som på en talende måte viser hen til de stereotypier og fordommer som er virksomme i alle lokale ungdomsmiljøer” (Jørgensen 1994: 19). Denne inndelinga knyter han vidare til dei teoretisk flinke vs. dei praktisk flinke, og også til linjer i vidaregåande opplæring.

Også i forskning som eksplisitt fokuserer på flytting og migrasjon er denne inndelinga sentral:

”There is little doubt that young people who chose a vocational course in secondary school largely become non-migrants and remain in their place of origin, while those who have chosen a general study course are more likely to migrate” (Fosso 2003: 9).

Det er dette teoretiske resonnementet som ligg bak den inndelinga som er nytta i undersøkinga. I tillegg er kjønn brukt som ein bakgrunnsvariabel i det følgjande rapporten. Mykje tradisjonell ungdomsforskning og flyttstudiar legg vekt på kjønnsdimensjonen. Framstillingane peiker ofte på at landsbygda blir ”hillbillysert” - jentene flyttar og gutane blir igjen. Også i Nesse (2002) sin rapport ”Hydroland,” som tek føre seg ungdom i fylket sitt

forhold til framtidig yrke og bedriftsetablering, er det eit hovudfunn at gutar og jenter har svært ulike holdningar.

*Tabell 2.5 syner fordelinga mellom allmenne fag og yrkesfag etter samanslåinga*

<b>Totalpopulasjon</b>			
Studieretning	Jente	Gut	Total
Allmenne fag	463	351	814
Yrkesretta fag	347	499	846
Sum	810	850	1660

<b>Respondentar</b>			
Studieretning	Jente	Gut	Total
Allmenne fag	199	147	346
Yrkesretta fag	165	193	358
Sum	364	340	704

Tabell 2.6 syner på same måten som Tabell 2.3 kor mange prosent av totalpopulasjonen som har respondert, men her innanfor dei to kategoriane allmenne fag og yrkesretta fag. Ein ser at for allmenne fag er fordelinga mellom kjønna ganske bra, med ein samla prosent på over 40. For dei yrkesretta faga er det noko høgare andel jenter enn gutar som har svara. Dette skuldast at i studieretningane med stor skeivfordeling mellom kjønna er det ein overvekt av typiske ”jente-fag” som har svara, medan for dei typiske ”gute-faga” er det lågare oppslutnad.

Det er likevel stor framgang i svarprosenten for yrkesfaga. I fjor hadde vi ein samla oppslutnad på 23 og 16 prosent for høvesvis jenter og gutar på yrkesretta fag, medan vi i år har 48 og 39 prosent. Ein må òg sjå tala i samanheng med det faktiske talet respondentar. Tabell 2.5 viser at dette er 165 jenter og 193 gutar.

*Tabell 2.6 syner kor mange prosent av totalpopulasjonen som har respondert fordelt på dei to studieretning og kjønn.*

Studieretning	Jente	Gut
Allmenne fag	43	42
Yrkesfag	48	39

Dersom vi ser deltakinga i undersøkinga i lys av gjennomføringa av fjorårets barometer, ser vi at det er ein monaleg forbetring i svarprosent, noko som er svært gledeleg. Å finne årsakene til denne forbetringa blir spekulasjonar, men tilbakemeldingar frå skulane er at fjorårets Furore-satsing kan ha bidrege til ein positiv omtale av prosjektet. Det er òg ekstra gledeleg å merke seg at deltakinga blant yrkesfaga er forbetra. Likevel er det grunn til å peike på at det er nokre skular som omtrent ikkje har svart på undersøkinga i det heile. Å overtyde desse skulane om å delta, vil difor vere ei viktig utfordring ved ein eventuell ny runde av Ungdomsbarometeret.

## 2.2 Kvalitativ tilnærming

Ungdomsbarometeret 2004 vart gjennomført med eit reint kvantitativt design. I år utvida vi dette, og inkludere også ein kvalitativ studie av ein utvalt skule, i år Stryn vidaregåande skule. Denne casestudien har to siktemål. Det eine er å bidra til djupare innsikt i somme av funna frå breddeundersøkinga (surveyen). Det andre siktemålet er å få meir kunnskap om korleis arbeidet med ungt entreprenørskap blir oppfatta av elevane ved ein skule som har vore pionerar på dette området.

Ein slik djupdeorientert studie vil kunne hjelpe oss til å forstå nokre av dei generelle resultatane frå dei kvantitative analysane, i tillegg til at vi i større grad får høve til å sjå på samanhengen mellom ungdomane sine verdiar, haldningar og handlingar. Frå Ungdomsbarometeret 2004 hugsar vi mellom anna at svært mange ungdomar legg vekt på at Sogn og Fjordane er ein ”trygg” plass å bu. Dette blir vidare framheva som eit positivt aspekt ved livet i fylket. Dette kan likevel problematiserast; for kva ligg i ein slik tryggleik? Og er det berre positivt? Den kvalitative oppfølgingsstudien kan hjelpe oss til betre å forstå nettopp slike fenomen.

Den kvalitative delen av ungdomsbarometeret retta òg merksemda mot innovasjon, nyskaping og entreprenørskap. Bakgrunnen for dette er mellom anna det arbeidet som er gjort i fylket på dette området, noko som til dømes er nedfelt i fylkesplanar og lokale strategidokument. Vidare viser resultatane frå Ungdomsbarometeret 2004 at ein stor andel av ungdomane i fylket kan tenkje seg å starte ei eiga bedrift. Vi vurderte Stryn vidaregåande skule som eit interessant case i dette perspektivet, mellom anna fordi dei har ein uttala strategi på dette området, samt at skulen har vore ein del av Fyrtårnprosjektet i Stryn og Hornindal, som nettopp freistar å sette ungt entreprenørskap på dagsorden. Casestudien vil såleis òg kunne antyde korleis dette har fungert og blitt oppfatta av ungdomane.

### 2.2.1 Gjennomføring

Den kvalitative studien vart organisert som ein kombinasjon av individuelle intervju og fokusgruppeintervju. Til saman hadde vi samtalar med 13 elevar ved Stryn vidaregåande skule, både allmenne og yrkesretta fag. Intervjuopplegget kan karakteriserast som semistrukturert. I dette ligg det at vi nytta ein intervjuguide, men var opne for at spørsmåla kunne endrast og justerast under vegg (for intervjuguide, sjå vedlegg III). Rekkefølgja på spørsmåla og spørsmålsformuleringane var såleis rettleiande og ikkje styrande for korleis intervju blei sjåande ut. Føremønen med dette er at intervju blei opne og fleksible. På denne måten kunne vi òg tilpasse oss ulike grupper og forskjellige typar informantar. Samstundes sikra intervjuguiden at informantane var innom fleire sams tema.

Fokusgruppene bestod av 4-6 personar, som diskuterte og la fram synspunkta sine på dei tema som vi på førehand hadde definert. Føremønene med slike gruppeintervju var at vi i stor grad fekk fat i dei refleksjonane ungdomane hadde kring eigne val. Gruppeintervju gav såleis ein litt annan type kunnskap enn det som vart lagt fram i dei tradisjonelle individuelle intervju.

I kvalitative studiar nyttar ein strategiske utval, og vi valde difor ut informantar på bakgrunn av kva som var føremålsteneleg i høve til problemstillinga(ne). Siktemålet var *ikkje* å generalisere svara i statistisk forstand, men heller å gå i djupna på nokre av dei fenomenane som står sentralt i Ungdomsbarometeret; i denne samanhengen gjaldt dette særleg forholdet til bedriftsetablering og lokalt entreprenørskap. Det vart vidare spesifisert nokre inngangskriterium i studien. Dette vart gjort for å få ein viss spreing av informantar. Vi



ønskte difor å snakke med ungdomar av begge kjønn og på ulike studieretningar. I tillegg snakka vi med elevar som både hadde og ikkje hadde delteke i ungdomsbedrifter.

Med omsyn til dei spesifisert inngangsvariablane såg utvalet slik ut:

Tabell 2.7 Oversyn over informantar til djubdeintervju ved Stryn vidaregåande skule

Kjønn	Studieretning	Delteke i ungdomsbedrift?	Intervjatype
Jente	Allmennfag	Ja	Individuelt intervju
Gut	Allmennfag	Nei	Individuelt intervju
Gut	Allmennfag	Ja	Fokusgruppe
Gut	Idrettsfag	Nei	Fokusgruppe
Jente	Idrettsfag	Nei	Fokusgruppe
Jente	Idrettsfag	Nei	Fokusgruppe
Jente	Hotell og næringsmiddelfag	Ja	Individuelt intervju
Gut	Byggfag	Nei	Individuelt intervju
Gut	Hotell og næringsmiddelfag	Ja	Fokusgruppe
Gut	Mekaniske fag	Nei	Fokusgruppe
Jente	Hotell og næringsmiddelfag	Ja	Fokusgruppe
Gut	Byggfag	Nei	Fokusgruppe
Jente	Hotell og næringsmiddelfag	Ja	Fokusgruppe

I den praktiske gjennomføringa bandfesta vi intervjuar og tok notatar undervegs. Intervjuar vart ikkje skrivne ut i heilskap, men opptaka vart nytta i utarbeidinga av rapporten, blant anna med bruk av sitat. Lydbandopptaka vart sletta etter bruk, og informantane er anonymiserte i rapporteringa

## 2.3 utfordringar

I gjennomføringa av Ungdomsbarometeret 2005 var det ei rekkje utfordringar, både i spørjeskjemaundersøkinga og i djubdeintervjuar. Vi skal under peike på nokre slike metodiske utfordringar som forskaren må ta omsyn til i gjennomføringa, og lesaren må ha i bakhovudet i lesing av den følgjande rapporten.

Det første punktet gjeld spørjeskjemaundersøkinga. Her har tilbakemeldingar vist at totalpopulasjonen kan ha vore for dårleg definert på førehand. Slik dette er spesifisert i brevet til skulane har det vore litt for stort rom for lokale vurderingar av kva klassar som skal delta. I brevet står det at undersøking gjeld for andreklassing yrkesretta fag og tredjeklassingar på allmenne fag. Dette har bidrege til at vi kan ha nokre uønska svar i datamaterialet. Ei meir riktig formulering ville vore å skilje mellom yrkesretta og studieførebuande fag, eventuelt å spesifisere linjene meir presist. Til neste gong er det verdt å merke seg at totalpopulasjonen såleis bør definerast betre på førehand.

Ei anna utfordring ligg innebygd i utvalet. Dette dreier seg om at det er tredjeklassingar på allmenne fag og andreklassingar på yrkesretta fag som er målgruppa for undersøkinga. Dette betyr at vi samanliknar to aldersgrupper. Allmennfagselevane er normalt eitt år eldre enn yrkesfagselevane. Truleg er dette eit aldersskilje som betyr relativt mykje i høve til korleis ungdommen opplever fylket og framtida. Dette gjev oss eit reelt tolkingsproblem fordi vi spør ulike aldersgrupper. Å bruke *ulike* alderskategoriar på yrkesfag og allmennfag gjer at

samanlikningsgrunnlaget mellom desse kategoriane blir svekka. Vurderinga er likevel at for å kunne samanlikne data med fjorårets resultat, bør vi halde fast ved ei slik inndeling.

Innebygd i oppbygginga spørjeundersøkinga er det ei tredje utfordring. Dette knytter seg til forholdet mellom informasjon og undersøking. Spørjeskjemaet inneheld både *spørsmål* og *faktainformasjon* om fylket og moglegheiter i Sogn og Fjordane. Delar av svara vi får vil såleis kunne vere farga av dette. I følgje samfunnsfagleg metodelitteratur svekkar dette validiteten fordi måleinstrumentet påverkar målinga (Hellevik 1999:338-339). Eit allment prinsipp i haldningsforskning er å trø varsamt, fordi haldningar ofte er vanskeleg å setje ord på, årsaksfeste og grunnkje. Ofte er det òg slik at haldningar er tvitydige og lite konsistente. Dette kan føre til at surveyspørsmål som tek føre seg haldningsaspekt, som for eksempel Ungdomsbarometeret 2005, kan påverke respondentane sine måtar å tenkje på, eller vurdere ting. Å introdusere informasjon som har til hensikt å påverke respondenten er ikkje gjengs i denne typen forskning, og ein må ha dette med seg når ein vurderer funna i denne undersøkinga.

Også i det kvalitative datamaterialet er det innebygd ein del problem og utfordringar. Vi skal under kort peike på nokre av desse.

Sjøelve ideen med å gjennomføre ein kvalitativ studie er å få djupare innsikt i ungdomane sine idear, tankar, val, haldningar og handlingar, samt samanhangen mellom desse. Djubdeintervju er på mange måtar betre egna til dette, samanlikna med breiddeundersøkingar. Likevel må intervjuar oppfylle nokre kriterium for bidra til slik kunnskap. Til dømes må spørsmåla formulerast på ein slik måte at dei er handterbare for informantane. Alt for abstrakte spørsmål vil såleis skape problem. Likevel kan ikkje spørsmåla vere like konkrete som i surveyen.

Det beste er om informantane gjev mest mogeleg informasjon utan at intervjuaren spør. Dette både fordi informantane då kan kome inn på moment som ikkje intervjuaren var klar over, og difor ikkje ville spurt om. Vidare kan det vere at informantane oppfattar intervjuaren som representantar frå skulen, kommunen eller Fyrtårnprosjektet, og difor gjev stadfestande svar. Elevane kan på bakgrunn av dette tendere mot å gje positive og "høflege svar" på spørsmål om tiltak som Fyrtårnprosjektet og ungdomsbedrifter meir generelt. For å motverke at datamaterialet blir påverka av at informantane gjev dei svara han/ho trur intervjuaren ønskjer, er det viktig at informantane blir gjort merksame på rolla til intervjuaren. Dette er òg viktig sett i lys av at intervjuar vart gjennomført på Stryn Vidaregåande Skule, i skuletida. Dette kan vere eit problem fordi vi på denne måten i stor grad blir assosiert med skulen. I dette ligg det at vi må presisere at dette er ein del av ei ungdomsgransking og at resultatata skal formidlast attende på ulikt vis, mellom anna gjennom Furore-magasinet og kring om på skulane.

### **3.0 Analytiske perspektiv**

Vi har sett at Ungdomsbarometeret er lagt opp til å vere ei brei undersøking, som tek føre seg ei rekkje ulike fenomen, spørsmål og tema. Problemstillinga krinsar likevel kring ungdomen i fylket sitt syn på Sogn og Fjordane; korleis dei vurderer fylket som ein stad å bu, og som (framtidig) plass for etablering. Ungdomsbarometeret 2005 sitt bidrag i dette biletet er å kartlegge, og skaffe oversikt over, kva ungdom i Sogn og Fjordane meiner om slike spørsmål. Dette skal igjen skape grunnlag for å rette god og presis informasjon til ungdomen. Slike undersøkingar og prosjekt er ikkje noko nytt i Sogn og Fjordane, men inngår i ein større samanhang av undersøkingar og utgreiingar om ungdom, flytting og trivsel. Vi vil difor i det følgjande kort gje eit riss over liknande forskning og rapportar, og dei hovudfunna som ein her

har konkludert med. Bakgrunnen for dette er å teikne opp nokre hovudforventningar og antakingar om årets undersøking.

Ein gjennomgang av utgreiingar og prosjekt om ungdom i fylket er som regel knytt til politiske spørsmål om korleis ein skal stimulere til etablering i, og tilbakeflytting til, Sogn og Fjordane. Eit interessant utgangspunkt for denne tenkinga er Fylkesdelplanen for ungdom frå 1998. Denne planen fokuserte i stor grad på korleis det er ein "mismatch" mellom ungdomen i fylket sine utdanningsplanar og den kompetansen næringslivet etterspør. I utgreiinga registrerer ein at ungdom har ein "sterk utdanningsorientering," noko som høver dårleg med arbeidsmarknaden i fylket. Vidare er utdanningane gjerne teoretisk orienterte, og lite tilpassa fylket sin røyndom. Dette representerer ei stor utfordring i følgje delplanen.

Vidare slår ein fast at "kunnskapen om lokal arbeidsmarknad er liten hos ungdom og få gjer medvitne utdannings- og yrkesval i høve til denne." Fylkesdelplanen ser at dette er ein av fylket sine store utfordringar, og skisserer nokre konkrete mottrekk<sup>5</sup>; i) få ungdom til å velje relevante utdanningar ii) styrke regional orientering, iii) betre kunnskapsformidling, informasjon og utdannings- og yrkesretteiing (og tilpasse det til regional arbeidsmarknad) i skulen, og iv) utvikle grundarar og lage betre arenaer mellom skulane og bedriftene i fylket.

På mange måtar er desse diagnosane og utfordringane frå 1998 framleis relevante. Resultata frå Ungdomsbarometeret 2004 tyder også på det. Det er likevel grunn til å hevde at nettopp Ungdomsbarometeret kan måle trykket på dette, og det vil vere ei målsetjing å sjå nærare på korleis intensjonane i fylkesdelplanen er realisert i ungdomen i sitt medvit.

Det empiriske bakgrunns materialet for Fylkesdelplanen for ungdom er i henta frå fleire kjelder<sup>6</sup>, men strategivala i delplanen bygger i hovudsak på utgreiingar frå Møreforskning og Norsk Gallup. Vi skal no kort sjå kva desse utgreiingane fann.

I rapporten *Utdanningsval og arbeidskraftsbehov. Ein studie av ungdom sine utdanningsval og etterspurnad etter arbeidskraft i Sogn og Fjordane i 1990-åra* (Båtevik og Olsen 1996) tek ein tak i problemstillingar knytt til at ungdom frå Sogn og Fjordane utdannar seg vekk frå fylket. Dette skjer dels gjennom at ungdom tek utdanning andre stadar enn i Sogn og Fjordane, og dels gjennom at studia dei tek ikkje kvalifiserer for arbeid i fylket. Samstundes er koplinga til det lokale næringslivet svak; ungdom som er i jobb ved sida av skulen tek arbeid med eit heilt anna innhald enn den jobben dei kvalifiserer seg for gjennom utdanninga, og vi får ein særskilt "ungdomsarbeidsmarknad." Konklusjonane er såleis at utdanning fremjar flytting. Likevel trekk rapporten òg fram ein utilsikta konsekvens idet ungdom si satsing på utdanning styrkar tilgangen på kompetanse i distrikta.

Den andre rapporten som fylkesdelplanen i stort monn tek utgangspunkt i, vart utarbeida av Norsk Gallup Institutt i 1997, og heiter *Ungdomsundersøkinga 1997: Kva meiner ungdommen? – ei undersøking av ungdom under utdanning si vurdering av Sogn og Fjordane som stad å bu, og som stad for etablering etter endt utdanning*. Temaet i denne utgreiinga er utdanning, flytting og etablering i Sogn og Fjordane. Rapporten er tufta på ei

---

<sup>5</sup>Fylkesdelplan for ungdom, 1998, (side 14-16)

<sup>6</sup>I hovudsak: "Status for ungdom i Sogn og Fjordane" (S&F fylkeskommune) 1995, "Utdanningsval og arbeidskraftbehov i Sogn og Fjordane" (Møreforskning) 1996, "Bør det bu ungdom i Sogn og Fjordane" (Sogn og Fjordane fylkeskommune) 1996, "Rapport frå fylkesting for ungdom" 1996, "Ungdomsundersøkinga 1997" (Norsk Gallup), "Instilling frå rekrutteringsutvalet. Høgskulen i Sogn og Fjordane sin handlingsplan for rekruttering av studentar"

spørjeskjemaundersøking blant 649 unge i fylket. Siktemålet med rapporten var å gje impulsar til diskusjonane om korleis ein kan auke livskvalitet og bulengde i fylket, samt redusere langsiktig ungdomsfråflytting frå fylket. Eitt av hovudfunna i undersøkinga var ein større andel unge frå Sogn og Fjordane ønskjer å flytte attende etter utdanning, enn dei som faktisk gjer dette. Ein identifiserer såleis eit stort "attendeflyttingspotensiale."

Det interessante i denne samanhengen er at desse utgreiingane og rapportane i stor grad har samanfallande problemstillingar, konklusjonar og løysingsforslag. Flytting og særleg tilbakeflytting er eit attende tema. Fokus har i særleg grad vore retta mot "brain-drain" og arbeidsmarknad. Dette er i stor grad strukturelle aspekt ved busetjing og flytting. Det er likevel grunn til å hevde at også andre element har betydning for unge vaksne sitt flyttemønster. Fleire nye flytte- og migrasjonsstudiar har til dømes i større grad fokusert på det sosiale, og ein framhevar at *staden* er viktig i ungdom sine identitetsprosjekt (sjå til dømes Fosso 2003; Villa 1999). Identitetsproduksjon og oppfatning av staden ein veks opp på blir i slike perspektiv viktig. Fosso (2003) legg til dømes vekt på identitet, livsstil og livsløp når ho diskuterer flytting og flyttemønster blant ungdom. I hennar perspektiv er plassen meir enn ein geografisk stad, det er òg ein sosial konstruksjon, skapt og gjenskap i folk sitt medvit. Migrasjon er i følge Fosso noko som skapar identiteten til unge vaksne. Dette er òg med på å definere ein sjølv i forhold til andre. På denne måten freistar også Fosso å kople identitet til stad. Flytting blir i eit slikt perspektiv uttrykk for ein sosial identitet og identitetsproduksjon meir generelt. Truleg er slike diskusjonar viktig å ha in mente også i tolkingane av resultatane frå Ungdomsbarometeret. Dette betyr òg at ytre omstende som arbeidsmarknad og buforhold ikkje kan stå åleine som forklaringar på flytting og attendeflytting i fylket. Dersom ein ønskjer folk tilbake er det altså meir enn jobbar som skal til. Dette er vidare i tråd med nyare empirisk forskning om bedriftsetablering (til dømes Florida 2000).

I gjennomgangen av diskusjonar og rapportar om ungdom i Sogn og Fjordane er koplinga mellom utdanning og arbeidsliv sentral. Dette er tema som går igjen over tid. Vi såg til dømes at dette er samanfatta i omgrep som "mismatch" og "gap" i fylkesdelplan for ungdom. Dette siktar mellom anna til at det er for stor skilnad mellom utdanningane ungdom vel, og det næringslivet i fylket faktisk etterspør. Denne utfordringa er sentral også i fylkesplanen for 2005-2008; "Vegen vidare for Sogn og Fjordane." Her står det mellom anna at "målet vårt har vore å halde på ungdomane våre og fremme tilflytting til fylket etter endt utdanning [...] og få ein større del av ungdommen til å ta utdanning på område arbeidslivet i fylket treng, eller å etablere eiga verksemd" (Vegen vidare for Sogn og Fjordane: 20). Eit heilt vesentleg verkemiddel i dette arbeidet har vore å fokusere på ungt entreprenørskap i skulen. Denne trenden er materialisert i tiltak som til dømes ung bedrift, nysgjerrigper og alkymisten-programmet. I lys av dette er casestudien frå Stryn vidaregåande skule interessant, då ein av målsetjingane her er å sjå på korleis arbeidet med entreprenørskap og bedriftsetablering blir oppfatta av elevane.

## 4.0 Kvantitativ undersøking

Dei følgjande resultatane frå spørjeskjemaundersøkinga er presenterte anten i form av trivariate tabellar eller som stolpediagram. Når det gjeld tabellane er bakgrunnsvariabelen studieretning delt på kjønn i kvar kolonne. I radene står svaralternativa til dei ulike spørsmåla. Tabellane syner prosent innanfor kolonnene. Prosenttala er avrunda til næraste heile tal. Dette gjer at det kan oppstå kolonner der summen ikkje er nøyaktig 100 prosent. Stolpediagramma syner bakgrunnsvariablane på x-aksen og prosentfordelingane på y-aksen. Svaralternativa er presentert i ulike fargar som også er kronologisk framstilt i eiga forklaring til kvar figur.

Nokre av variablane i undersøkinga er basert på logiske rekkjer. Dette betyr at somme oppfølgingsspørsmål er avhengig av tidlegare svar. Dette fører til at nokre variablar har færre respondentar enn 704. I slike tilfelle er talet respondentar gjeve opp. Resultata i faktiske tal til alle spørsmåla er oppstilt i tabellform i vedlegg III. Denne fungerer også som ein oversikt over spørjeskjemaet.

Presentasjonen under er disponert på følgjande måte: først blir dei ulike bolkanane i undersøkinga introdusert. Deretter blir kvart spørsmål gjort greie for i den rekkefølga dei stod i spørjeskjemaet. Så blir resultata av, og fordelingane på, dei ulike variablane presentert. Interessante aspekt ved dei ulike resultata blir diskutert og kvar bolk blir oppsummert separat.

#### 4.1 Tema: Etablering av bedrift

Det første temaet i undersøkinga handlar om entreprenørskap og holdning til bedriftsetablering. Frå ulike vinklar er elevane spurde om holdningar til, og oppfatningar av, det å starte opp si eiga verksemd i framtida. Fordelingane gjev nyttig kunnskap om kva syn ungdom har på dette, og kva trendar vi ser i høve til fjoråret.

Det første spørsmålet i denne bolken er om elevane har deltek i elev- eller ungdomsbedrifter. Resultata i Tabell 4.1 syner fordelinga splitta i kjønn og studieretning.

Tabell 4.1: Svarprosent på spørsmålet "har du vore med på elevbedrift eller ungdomsbedrift?"

	Allmenne fag		Yrkesretta fag	
	Jenter	Gutar	Jenter	Gutar
Ja	37%	33%	34%	45%
Nei	63%	67%	66%	55%

Frå kapittel 3.3 hugsar vi at ungdomsbedrifter er eit satsingsfelt i fylket. Ikkje overraskande er difor andelen som har vore med på slike tiltak aukande i forhold til fjorårets tal. Totalt har 38 prosent av ungdomane i undersøkinga delteke i ungdomsbedrifter. I fjor var det totalt 26 prosent som svarta at dei hadde delteke i ungdomsbedrifter. Dette kan indikere at ungdomane som no byrjar å forlate vidaregåande utdanning i aukande grad har hatt ungdomsbedrifter som ein del av opplæringa. Tabellen viser vidare at det er ein del skilnader mellom kjønn og studieretning. Den gruppa som skil seg mest ut er gutar på yrkesretta linjer, der nesten halvparten ein eller annan gong har vore med på elev- eller ungdomsbedrift.

Det neste spørsmålet i undersøkinga dreier seg om elevane kan tenkje seg å etablere eiga verksemd. Totalt svarta 41 prosent av respondentane at dei kan tenkje seg å starte si eiga bedrift i framtida. Tabellen under presenterer tal for kjønn og studieretning:

Tabell 4.2: Svarprosent på spørsmålet "kan du tenkje deg å etablere bedrift ein gong? Altså starte di eiga bedrift frå grunnen av?"

	Allmenne fag		Yrkesretta fag	
	Jenter	Gutar	Jenter	Gutar
Ja	31%	46%	45%	43%
Nei	11%	11%	9%	8%
Kanskje, usikker	59%	43%	45%	49%

Tabell 4.2 syner at det for allmenne fag er ein høgare andel gutar enn jenter som kunne tenkje seg å starte eiga bedrift, mens det for yrkesfag er nokolunde likt. Ein svært låg prosentandel på tvers av skulelinjer og kjønn stiller seg negative til dette. Like fullt er det ei stor gruppe "tvilarar" på tvers av skulelinjer og kjønn. Kjønnsskilnadene her er svært interessante, fordi vi ser at det kun er på allmenne fag at skilnaden mellom jenter og gutar er betydeleg. På yrkesretta fag er andelen som kan tenkje seg å etablere eiga verksemd om lag like stor for baae kjønn. Samanliknar vi med materialet frå i fjor ser vi særleg to interessante tendensar. For det første er andelen som kan tenkje seg å starte bedrift større i år enn i fjor; auken er på seks prosentpoeng. Den andre interessante trenden er at denne auken i hovudsak skjer blant jentene.

Ut frå dei to fordelingane vi har presentert så langt, vil det vere interessant å sjå om deltaking i ungdomsbedrifter fører til at elevane vert meir positive til å starte eiga bedrift i framtida. Siktemålet med ungdomsbedrifter er nettopp å vere kunnskaps- og motivasjonskapande tiltak. Det vil difor vere rimeleg å tru at deltaking i ungdomsbedrift har effektar på i kva grad ungdom ønskjer å starte eiga bedrift. Tabell 4.3 og 4.4 syner svarprosenten når vi har splitta fordelinga i dei som *har* og *ikkje har* vore med på ungdoms- eller elevbedrift.

Tabell 4.3: Svarprosent på spørsmål om respondentane kan tenkje seg å starte eiga bedrift (når respondenten har vore med på elev- eller ungdomsbedrift)

	Allmenne fag		Yrkesretta fag	
	Jenter	Gutar	Jenter	Gutar
Ja	34%	49%	49%	41%
Nei	5%	10%	2%	8%
Kanskje	61%	41%	48%	51%

n = 266

Tabell 4.4: Svarprosent på spørsmål om respondentane kan tenkje seg å starte eiga bedrift (når respondenten ikkje har vore med på elev- eller ungdomsbedrift)


	Allmenne fag		Yrkesretta fag	
	Jenter	Gutar	Jenter	Gutar
Ja	29%	45%	43%	44%
Nei	14%	11%	13%	9%
Kanskje	58%	44%	44%	47%

n = 438

Samanliknar vi tabell 4.3 og 4.4 ser vi at det ikkje er store skilnader. Totalt er andelen ja-svar 43 prosent for dei som har vore med på ungdomsbedrift, mot 40 prosent av dei som ikkje har vore med. Samanliknar vi dette med tala frå i fjor merkar vi oss at andelen som kan tenkje seg å starte bedrift i størst grad har auka for dei som *ikkje* har delteke i ungdomsbedrifter, medan andelen er relativt stabil for dei som har delteke i ungdomsbedrifter.

Det er også stilt spørsmål om hovudgrunn for kvifor ungdom kan tenkje seg å starte bedrift, illustrert ved figur 4.1. Spørsmålet er berre stilt til dei som svarte at dei kunne tenkje seg å gjere dette, noko som utgjer 287 av dei 704 respondentane.

Figur 4.1: Svarprosentent på spørsmålet ”kva er viktigaste grunnen til at du kunne tenkje deg å starte bedrift?”




n = 287

Av figur 4.1 ser vi at ”eg vil skape noko sjølv” dominerer blant alle kategoriane, jenter så vel som gutar. Det er verdt å merke seg at tala for denne runden av Ungdomsbarometeret viser andre tendensar enn fjoråret, der det var eit tydeligare skilje mellom kjønn; gutane var då meir opptatt av å ”tene masse pengar.”


I tillegg spurte vi dei som ikkje kunne tenkje seg/ var usikre på om dei vil starte bedrift om ei grunngeving. Antalet respondentar for førstnemnde gruppe var 68 og for sistnemnde 349. Prosentfordelinga er presenterte i figurane 4.2 og 4.3.

Figur 4.2: Svarprosent på spørsmålet "kva er viktigaste grunnen til at du ikkje kunne tenkje deg å starte bedrift?"



n = 68

Figur 4.3: Svarprosent på spørsmålet "kva er viktigaste grunnen til at du er usikker på om du vil starte bedrift?"



n = 349

Tala for jentene syner at dei fleste meiner at bedriftsetablering vil komme i vegen for planlagd utdanning. For gutane på allmenne fag er det "andre grunnar," og eit inntrykk av at det er vanskeleg og slitsamt å drive eiga bedrift som hyppigast vert oppgitt som årsak. Det same gjeld i stor grad for gutar på yrkesfag. Her er òg frykta for å gå konkurs og at ein ikkje har




nokon god ide om kva bedrifta skal lage, viktige forklaringar. Samstundes må det påpeikast at antalet respondentar for denne gruppa i sin heilskap er svært låg (68) og ein må difor vere varsam når ein vurderer desse tala.

Figur 4.3 (kva er viktigaste grunnen til at du er usikker på om du vil starte bedrift) viser eit temmeleg jamnt svarfordelingsmønster. For jenter på allmenne fag er prosentandelen omtrent likt fordelt for kategoriane ”har ikkje tenkt på slike ting”, ”eg trur det er vanskeleg og mykje slit” samt ”frykt for å mislykkast”. For jenter på yrkesretta fag er det inntrykk av at det er vanskeleg og mykje slit som dominerer svarbiletet. Blant gutar på allmenne fag er det også eit jamnt svarmønster, der ”eg har ikkje tenkt på slike ting” toppar. For gutar på yrkesfag stikk denne kategorien seg endå meir fram. I og med denne relativt jamne svarfordelinga syner det seg at det er eit mangfald av årsaker til at ungdom i Sogn og Fjordane er usikre på å starte eiga bedrift.

Dei som svarte ja eller kanskje på spørsmål om å starte opp bedrift, vart også følgt opp med spørsmål om dei ville etablere denne i Sogn og Fjordane. Figur 4.4. syner denne fordelinga.

Figur 4.4 Svarprosent på spørsmålet ”om du skal starte ei bedrift. Vil du at den skal ligge i Sogn og Fjordane?”



n = 636

Figur 4.4 viser at dei fleste på allmenne fag svarar ”veit ikkje” på om verksemda dei kan tenkje seg å etablere skal ligge i Sogn og Fjordane. Jenter på yrkesretta fag er meir splitta mellom ”ja” og ”veit ikkje.” Gutar på yrkesretta fag ønskjer i stor grad at bedrifta skal ligge i heimfylket.

Avslutningsvis i bolken om bedriftsetablering, er ungdomane synt bilete av ulike klesplagg som er laga i Sogn og Fjordane. Ungdomane fekk så spørsmål om dei trur desse kleda er laga i fylket. Om lag 76 prosent svarar bekreftande på dette for plagget til venstre, mens for plagget til høgre er tilsvarende tal 66 prosent. Etter dette får dei informasjon om bedrifta Moods of Norway i Stryn.



Etter denne presentasjonen av Moods of Norway er respondentane spurde om dei kunne tenkje seg å starte ei slik verksemd. Resultata er presentert i tabell 5.6:

Tabell 4.5: Svarprosent på spørsmålet "kunne du tenkje deg å starte ei slik bedrift [som Moods of Norway]?"

	Allmenne fag		Yrkesretta fag	
	Jenter	Gutar	Jenter	Gutar
Ja	55%	46%	41%	32%
Nei	18%	35%	24%	53%
Nei, men eg kunne godt tenkt meg å jobbe i ei slik bedrift	28%	19%	35%	15%

Som tabell 4.5. syner, er det ei overvekt blant jentene som kan tenke seg å starte ei bedrift som Moods of Norway. Spesielt gjeld dette jenter på allmenne fag. Blant gutane på yrkesfag finn vi den einaste gruppa der dei som ikkje kunne tenkt seg å starte ei slik bedrift, dominerer.

Fordelinga her er interessant å sjå i samanheng med tabell 4.2, som viser resultata for spørsmålet om respondentane kan tenkje seg å starte eiga bedrift. Samanlikna med tabell 4.2 er det no fleire jenter på allmenne fag som kan tenkje seg å starte eiga bedrift, medan gutar på yrkesfag i mindre grad ønskjer å starte eiga verksemd.

Når det gjeld svarmønsteret for denne variabelen må ein hugse på at respondentane på førehand er eksponert for informasjon om bedrifta Moods of Norway. Dette betyr at tala i tabellen ikkje kan tolkast direkte, ettersom respondentane kan tenkjast å verte påverka av samanhengen som spørsmålet er stilt i. Dette illustrerer utfordringa referert til i kapittel 2.3 om informasjon i samanheng med ei spørjegranskingar. Interessant er det likevel å sjå at respondentane i liten grad er konsekvente i svara sine, ettersom dei endrar syn avhengig av den informasjonen som er presentert. Dette syner òg at ungdomane ikkje er upåvirkelege; informasjon kan hjelpe!

### **4.1.1 Deloppsummering for tema etablering av bedrift**

Det er fleire spanande aspekt ved bolken om bedriftsetablering. For det første ser vi at det er ein auke i andelen som har teke del i ungdoms- og elevbedrift, samanlikna med Ungdomsbarometeret 2004. Denne auken er på heile 12 prosentpoeng. Vidare ser vi at om lag 40 prosent av ungdomane i undersøkinga svarar at dei kan tenkje seg å starte eiga bedrift. Dette er òg ein auke i høve til fjoråret. For det tredje har vi sett på om deltaking i ungdomsbedrifter fører til meir positive holdningar forhold til bedriftsetablering. På bakgrunn av det føreliggande talmaterialet er det ikkje grunnlag for å hevde ein slik samanheng.


Hovudgrunnen til kvifor ungdom ønskjer å etablere bedrift er lysta til å ”skape noko sjølv.” Dette er ei endring frå i fjor, då det var eit skarpere skilje mellom jenter og gutar. Gutane la i fjor mykje større vekt på ”å tene masse pengar” som motivasjon for å starte bedrift. Sistnemnde svarkategori er mindre i fokus blant årets respondentar. Gutar på yrkesretta fag er vidare dei som legg mest vekt på at bedrifta skal ligge i Sogn og Fjordane. Ein annan generell tendens i materialet, samanlikna med fjoråret, er at dei meir ”ekstreme” fordelingane for enkelte variablar er jamna ut i monaleg grad.

### **4.2 Tema: Jobb og næring i Sogn og Fjordane**


Den neste bolken i undersøkinga dreier seg om jobb og yrkesval. Dette er vidare kopla på holdningar til arbeids- og næringsliv i Sogn og Fjordane.

Dei første to spørsmåla i denne bolken krinsar rundt kva ungdom tykkjer om bedrifter dei kjenner til i fylket. I desse spørsmåla skal elevane vurdere bedriftene i fylket langs aksane kjedeleg- spennande og tradisjonell – framtidsretta. Figur 4.5 og 4.6 samanfattar resultata frå desse spørsmåla. Diagramma gjev interessant informasjon om korleis ungdomane oppfattar næringslivet og framtidige jobbmoglegheiter i fylket. Vi ser òg at det er forskjellar mellom gruppene av ungdom.

Figur 4.5 Svarprosent på spørsmålet "tenk på ei bedrift du kjenner i fylket. Kva meiner du om denne bedrifta? Frå kjedeleg til spennande."



Figur 4.6: Svarprosent på spørsmålet "tenk på ei bedrift du kjenner i fylket. Kva meiner du om denne bedrifta? Frå tradisjonell til framtidsretta."



For figur 4.5 går skalaen frå "kjedeleg" til "spennande". Her syner det seg at det for jentene både på allmenne fag og yrkesretta fag er størst andel som svarer "middels", men samanlikna med fjorårets undersøking, har denne andelen gått ned til fordel for høgare utslag på kategoriane til høgre for denne (meir spanande). Blant gutane tykkjer flest på allmenne fag at

bedrifta dei kjenner i fylket er ”middels” spennande, mens det blant dei på yrkesretta fag er flest som tykkjer den er ”spennande”. Også for gutane er det i år lægre utslag på ”middels”-verdien. Med andre ord er det fleire av respondentane i årets undersøking som tykkjer bedriftene i fylket er spennande (jfr. Fløtre 2004: 24).

For jenter på allmenne fag er det ei tydeleg overvekt av dei som svarte ”middels” på spørsmålet om i kva grad bedrifta dei tenkte på var ”tradisjonell” eller ”framtidretta”. Likevel ser vi at gutar yrkesfag skil seg ut i høve til at dei i størst grad meiner bedriftene i fylket er framtidretta.

Det er òg grunn til å peike på tendensen i høve til fjoråret. Fordelinga i år går nemleg i større grad i retning av framtidretta/spennande, heller enn tradisjonell/moderne. Denne tendensen blir tydelegare dersom vi samanliknar gjennomsnittstala for heile utvalet, vist i tabell 4.5

Tabell 4.6: Gjennomsnittsscore på ungdomane si vurdering av ei bedrift dei kjenner i fylket for 2004 og 2005.


	2005	2006
Frå kjedeleg (1) til spennande (5)	3.18	3.66
Frå tradisjonell (1) til framtidretta (5)	2.86	3.45

Desse tala fortel oss at ungdom i år jamnt over har eit meir positivt inntrykk av bedrifter dei kjenner i fylket. Vidare ser vi at elevane i undersøkinga totalt sett meiner bedriftene er meir spennande enn kjedelege og meir framtidretta enn tradisjonelle.

Dei neste spørsmåla i bolken om jobb og yrkesval dreier seg om kva kunnskapar ungdomen har om arbeidslivet i fylket. Elevane som deltok i undersøkinga fekk difor spørsmålet ”Veit du kva slags jobbar vi har mest av i Sogn og Fjordane?” Her fekk dei valet mellom ti ulike kategoriar. Inndelinga var sett opp etter næringshovudgruppene i NACE.<sup>7</sup> Nokre av gruppene vart imidlertid slegne saman for å ikkje gjere lista for lang. Som supplement til svaralternativa (ettersom dei kunne oppfattast som noko vage) vart det gjeve informasjon om konkrete jobbar som høyrer til dei ulike kategoriane. Figur 4.7 syner prosentfordelingane.

<sup>7</sup> NACE (Nomenclature générale des Activités économiques dans les Communautés Européenes) er EU sin standard for næringsgruppering som mellom anna Statistisk Sentralbyrå nyttar.

Figur 4.7: Prosentfordeling for spørsmålet "veit du kva slags jobbar vi har mest av i Sogn og Fjordane?"



Av figur 4.7 kjem det fram at respondentane har størst tru på at det er primærnæringane som dominerer yrkesbiletet i fylket. Sett opp mot fjorårets undersøking er det ikkje store endringar.

Dei *korrekte* tala er 35 prosent for offentleg forvaltning og tenesteyting; den desidert største ”bransjen” i fylket. Jordbruk, skogbruk og fiske er kun fjerde størst, med omkring 10 prosent av dei sysselsette. Dette avslører eit stort avvik mellom oppfatning og røyndom. Det er òg verd å understreke at dette er eit mønster som er svært likt fjorårets undersøking. Førestellinga om Sogn og Fjordane som eit primærnæringsdistrikt ser såleis ut til å stå sterkt i ungdom sitt medvit.

Som ei oppfølging til kva næringar respondentane trur finst i Sogn og Fjordane, vart elevane spurde om kva bransje dei sjølve kunne tenkje seg å jobbe eller starte verksemd i. Resultata er presentert i tabell 4.7.

Tabell 4.7: Svarprosent på spørsmålet ”kva bransje kunne du tenke deg å jobbe i, eller starte bedrift i?”

	Allmenne fag		Yrkesretta fag	
	Jenter	Gutar	Jenter	Gutar
Jordbruk, skogbruk og fiske	4%	3%	10%	11%
Utvinning av råolje og naturgass	2%	4%	4%	12%
Industriproduksjon og bergverksdrift	6%	13%	6%	14%
Kraft- og vassforsyning	1%	5%	1%	6%
Bygge og anleggsverksemd	3%	4%	1%	24%
Varehandel, hotell og restaurantverksemd	35%	20%	44%	11%
Transport og kommunikasjon	5%	12%	7%	15%
Finansiell tenesteyting	3%	8%	2%	0%
Forretningsmessig tenesteyting	15%	16%	3%	1%
Offentlig forvaltning og anna tenesteyting	27%	13%	24%	6%

Blant jentene er det ”varehandel, hotell og restaurantverksemd” som dominerer – heile 35 prosent blant dei på allmenne fag og 44 prosent av dei på yrkesfag svarer dette. ”Offentleg forvaltning og tenesteyting” kjem også høgt opp blant jentene på baa studieretningskategoriane.

Blant gutane er det mindre eintydige mønstre; på allmenne fag er det ”Varehandel, hotell og restaurantverksemd” som når høgst, men fire andre bransjar har mellom 12 og 16 prosent oppslutnad. Blant gutane på yrkesretta fag er det enda mindre tydelege mønstre, men her er det ”bygge- og anleggsverksemd” som dominerer.

Ulikskapane mellom kjønna er i tråd med tradisjonelle kjønnsesifikke arbeids- og yrkesmønstre. I og med at alle respondentgruppene trur det er primærnæringssektoren som er størst i fylket, er det òg interessant å notere seg at det er eit mykje lågare tal elevar som kunne tenkje seg å jobbe i desse yrka. Vidare ser vi at det generelt er stor skilnad på korleis ungdommen trur næringsstrukturen i fylket er, og kva næringar dei sjølve kan tenkje seg å arbeide innanfor. Implisitt i dette ligg det òg eit problem, fordi ungdom på denne måten oppfattar at deira yrkes- og arbeidsplanar ikkje er høveleg for fylket.

Elevane er også spurde om dei kunne tenkje seg å jobbe i Sogn og Fjordane. Resultata er presentert i tabellen under:

Tabell 4.8: Svarprosent på spørsmålet ”kunne du tenkje deg å jobbe i Sogn og Fjordane?”


	Allmenne fag		Yrkesretta fag	
	Jenter	Gutar	Jenter	Gutar
Ja, eg vil prøve å få meg jobb her i fylket	27%	24%	46%	62%
Kanskje, men ikkje før om nokre år	45%	44%	35%	19%
Nei, aldri	7%	8%	7%	4%
Veit ikkje	22%	23%	12%	15%

Tabellen viser at om lag 25 prosent av elevane på allmenne fag kunne tenkje seg å jobbe i fylket, mens det på yrkesretta fag er i 62 prosent av gutane og 46 prosent av jentene som kunne tenkje seg dette. Det mest interessant i denne fordelinga er kanskje at berre mellom 4 og 8 prosent på tvers av alle respondentkategoriar svarer ”nei, aldri” til dette. Samanliknar vi med fjoråret ser vi ein svak auke i andelen som svarar ”ja, eg vil prøve å få meg jobb her i fylket” (totalt 41 prosent i år, mot 34 prosent i fjor).

Figur 4.8 syner kva respondentane tykkjer er det viktigaste med ein jobb. Dei har fått høve til å krysse av for opp til tre alternativ.



Figur 4.8: Prosentfordeling på spørsmålet ”kryss av for dei tinga du meiner er viktigast med ein jobb.”



Figuren syner at det for alle respondentgrupper er "spanande utfordringar" som dominerer svarbiletet. Det er likevel somme skilnader mellom gruppene som fordelinga er splitta i. Jentene på allmenne fag legg òg stor vekt på "godt sosialt miljø" og "gjere noko eg er flink til." For jentene på yrkesfaga er "gode medarbeidarar" og "god sosialt miljø" viktig, i tillegg til spanande utfordringar. Når det gjeld gutane vert "godt sosialt miljø" og "høg løn" mykje vektlegg. Gutane på yrkesfag legg mest vekt på "gode medarbeidarar", men "spanande utfordringar," "høg løn" og "godt sosialt miljø" synest nesten like viktig. Det er verd å merke seg at figur 4.1, som viser kva elevane la vekt på når dei vart spurd om kva som var viktigast for dei om dei skulle stifte *eiga bedrift*, syner at ein langt høgare andel av desse prioriterte løn.

Dei tre neste spørsmåla i undersøkinga er konstruert for å fange opp korleis ungdom vurderer arbeidsmarknaden i heimfylket kontra dei to største byane i Noreg – Oslo og Bergen. Spørsmåla er sikta inn mot måle korleis ungdom ser på skilnader i lønn, keisemd og stressnivå. Tabellane 4.9, 4.10 og 4.11 samanfattar resultatata på desse spørsmåla.

Tabell 4.9: Prosentfordeling på spørsmålet "trur du jobbane i Sogn og Fjordane er betre eller dårlegare betalt andre stader (for eksempel Bergen eller Oslo)?"

	Allmenne fag		Yrkesretta fag	
	Jenter	Gutar	Jenter	Gutar
Betre betalt	13%	10%	8%	13%
Like	49%	52%	52%	45%
Dårlegare betalt	39%	37%	39%	42%

For alle respondentgruppene er det overvekt av dei som meiner jobbane i Sogn og Fjordane er like godt betalt som i Oslo og Bergen. Andelen som trur at jobbane i fylket er dårlegare betalt er likevel stor. Vidare er andelen som oppfattar jobbar i Sogn og Fjordane som dårlegare betalt enn Bergen og Oslo stort sett høgare enn i fjor, med unntak av gutar på allmenne fag. I fjor svara totalt 32 prosent av respondentane at jobbane her i fylket er dårlegare betalt. Dette talet er auka til 40 prosent totalt i år.

Tabell 4.10: Prosentfordeling på spørsmålet "trur du jobbane i Sogn og Fjordane er artigare eller meir keisame enn andre stader (for eksempel Bergen eller Oslo)?"

	Allmenne fag		Yrkesretta fag	
	Jenter	Gutar	Jenter	Gutar
Artigare	18%	22%	25%	41%
Like	61%	56%	55%	50%
Meir keisame	21%	22%	19%	9%

Tabell 4.10 syner at hovuddelen av elevane oppfattar jobbane i Sogn og Fjordane som verken meir eller mindre keisame enn dei i Oslo og Bergen. Tendensen blant yrkesretta elevar går likevel i retning av at fleire av dei tykkjer at jobbane i heimfylket verkar meir artige enn dei i Oslo og Bergen. For elevar på allmenne fag er fordelinga omtrent lik mellom kjønn og om dei tykkjer jobbane er "artigare" eller "meir keisame". Samanliknar vi med i fjor, ser vi at ein noko større andel av respondentane meiner jobbane i fylket er artigare enn i Oslo og Bergen.

Tabell 4.11: Prosentfordeling på spørsmålet "trur du jobbane i Sogn og Fjordane er meir eller mindre stressande enn andre stader (for eksempel Bergen eller Oslo)?"

	Allmenne fag		Yrkesretta fag	
	Jenter	Gutar	Jenter	Gutar
Mindre stressande	48%	54%	52%	56%
Like	43%	41%	41%	35%
Meir stressande	9%	5%	7%	9%

Det er eit eintydig mønster blant alle gruppene for denne variabelen. Det er kun eit lite mindretal av elevane som tykkjer jobbar i Sogn og Fjordane er meir stressande enn i Oslo og Bergen, mens om lag 50 prosent trur jobbane her er mindre stressande. Elevane har såleis ei oppfatning av arbeidslivet i fylket som mindre stressande enn i dei større byane. Denne variabelen har stort sett same fordeling som i fjor.

#### 4.2.1 Deloppsummering for temaet jobb og næring i Sogn og Fjordane

Ungdomsbarometeret 2005 viser at ungdom har eit positivt inntrykk av bedriftene dei kjenner til i fylket. Stort sett vurderer dei bedriftene som meir framtidretta enn tradisjonelle, og meir spennande enn kjedelege. Denne holdninga synes å vere meir framtrudande blant gutar enn blant jenter, og er likeeins meir tydeleg blant yrkesfagselevar enn blant allmennfagselevar. Vidare er det slik at denne til dels positive oppfatninga av bedrifter ungdomen kjenner til i fylket er sterkare i år enn ved fjorårets undersøking

Likevel er det ei utbreidd oppfatning av at primærnæringane jordbruk, skogbruk og fiske er dei viktigaste kjeldene til sysselsetting i fylket. Vidare er det svært få som ønskjer å jobbe i denne sektoren i framtida. Som i fjor svarer også årets jenter at dei helst vil jobbe i varehandel, hotell og restaurantbransjane, fylgd av offentleg forvaltning og anna tenesteyting. Som nemnd er svarmønsteret blant gutane meir fleirfaldig. I materialet er det òg innebygd eit viktig problem. Dette spelar på at ungdom har heilt andre framtidsplanar enn det dei meiner er lar seg realisere i fylket. Likevel er det slik at mange av elevane kunne tenkje seg å *jobbe* i fylket; gutar på yrkesfag skil seg tydelegast ut i høve til dette. Det er svært få – i alle gruppene – som seier nei til å jobbe i Sogn og Fjordane i framtida.

Eit trekk som skil årets resultat frå funna i fjorårets ungdomsbarometer er at ungdomen i større grad meiner jobbane i fylket er dårlegare betalt enn kva tilfellet er i Oslo og Bergen. Vidare tykkjer særleg elevane på yrkesfag at jobbane her i fylket er artigare enn i Oslo og Bergen. Når det gjeld oppfatning av stress er svarmønsteret tydeleg: å jobbe i Sogn og Fjordane blir oppfatta som mindre stressande enn arbeid i dei større byane.

Når det gjeld kva elevane peiker på som viktige faktorar i ein jobb, er dette stort sett det same som i ungdomsbarometeret 2004: Spanande utfordringar ser ut til å vere svært viktig på tvers av alle respondentkategoriar. Utover dette er det eit mangfald i prioriteringar for kva som er viktig i for ungdomen i eit framtidig arbeid.

#### 4.3 Tema: Fylket og framtida

Den neste bolken i undersøkinga tek før seg ungdomane sitt forhold til framtida. Respondentane er i denne bolken først spurde om kva retning dei trur Sogn og Fjordane vil utvikle seg i framtida. Utvikling vart i undersøkinga presisert til å bety meir/færre jobbar,

folk og fritidstilbud. Respondentane fekk alternativa ”positivt”, ”negativt”, ”fortsette å vere slik som no” og ”veit ikkje.”


Tabell 4.12: Prosentfordeling på spørsmålet ”korleis trur du Sogn og Fjordane vil utvikle seg?”

	Allmenne fag		Yrkesretta fag	
	Jenter	Gutar	Jenter	Gutar
Positivt	48%	49%	49%	49%
Negativt	22%	23%	23%	24%
Fortsetje slik som no	17%	22%	22%	20%
Veit ikkje	14%	6%	6%	7%

Resultata, presenterte i tabell 4.12, syner at nær halvparten av alle respondentane trur fylket vil utvikle seg i positiv lei. Deretter er det ei relativt lik fordeling mellom kategoriene ”negativt” og ”fortsetje slik som no”. På denne variabelen ser vi og at fordelinga er lik, både med omsyn til studieretning og kjønn

Elevane er deretter spurde om korleis dei får vite kva som skjer i Sogn og Fjordane. Ulike kjelder er lista opp, og respondentane tok stilling til det ut frå tre kategoriar: ”ofte” (kvar veke), ”av og til” (ein gong kvar 14. dag) og ”sjeldan” (ein gong i månaden eller mindre). Figur 4.9 syner prosentfordelinga som svarer ”ofte” for dei ulike kjeldene.

Figur 4.9: Prosent som svarar ”ofte” på spørsmålet ”korleis får du vite om ting som skjer i Sogn og Fjordane?”



Resultata viser at lokalavisa og foreldre er dei informasjonskjeldene som er vanlegast i ungdomsmiljøa. Vi ser òg at det berre er mindre skilnader mellom gruppene. Fordelinga her er svært likt resultatata frå Ungdomsbarometeret 2004.

Kva planar har så elevane i Sogn og Fjordane for vidare utdanning? Dette spørsmålet er fanga opp i tabell 4.13. Tabellen gjev eit oversyn over kva utdanningsplanar respondentane har etter vidaregåande skule.


Tabell 4.13: Prosentfordeling på spørsmålet ”kva planar har du for vidare utdanning?”

	Allmenne fag		Yrkesretta fag	
	Jenter	Gutar	Jenter	Gutar
Eg vil ta fagbrev	2%	1%	27%	49%
Eg vil ta påbyggingsår / høgare utdanning	76%	70%	50%	26%
Eg vil ikkje gå meir på skule	4%	4%	2%	8%
Eg har ikkje bestemt meg endå	20%	24%	20%	18%

Av denne figuren kan me trekke fram at høgare utdanning er klart høgast prioritert blant allmennfagselevane. Blant yrkesfagelevane er det større skilnader på gutar og jenter. Vi ser at fagbrev er den mest vanlege planen for gutane, medan jentene i noko større grad siktar seg inn mot påbyggingsår og sidan høgare utdanning.

Respondentane som har svart at dei ønskjer å ta høgare utdanning eller påbyggingsår, har fått oppfølgingsspørsmål om kva type utdanning dei vil ta vidare. Kategoriane var bachelorgrad (3år), mastergrad (5 år) og doktorgrad (8-10 år). Her er det viktig å understreke at talet gutar frå yrkesfag som ønskjer å ta høgare utdanning er svært lågt – dei tel kun 50 av 386 elevar.

Figur 4.10: Prosentfordeling på spørsmålet ”kor mange år vil du bruke på utdanninga?”




n= 386

Resultata viser at blant allmennfagselevane er det mastergradsstudier som kjem høgast ut. Blant elevar på yrkesretta linjer er det ein større andel ”veit ikkje-”svar, men også her har mastergrad ein stor andel. Såleis viser undersøkinga at av dei som ønskjer å ta høgare

utdanning, vil svært mange vere under utdanning i minst fem år. Samstundes veit vi at dette også betyr at mange av desse vil måtte studere og bu utanfor fylket sine grenser.

Elevane som kunne tenkje seg å ta høgare utdanning er også spurd om kva fag dei kunne tenkje seg å studere. Har fekk respondentane ti svaralternativ. Resultata er presentert i figur 4.11.

Figur 4.11: Prosentfordeling på spørsmålet ”kva fag vil du studere?”



n = 386

Av figuren kan vi lese at svarkategorien "har ikkje bestemt meg endå" har flest respondentar blant jentene på allmenne fag. Blant dei som har teke eit val, dominerer helse, sosial og idrettsfag. Humanistiske og estetiske fag er òg populære. Blant jenter på yrkesfag er mønsteret mykje likt, men lærarutdanning og pedagogikk samt "andre fagfelt" er like populære som humanistiske og estetiske fag. Blant gutane på allmenne fag er det òg mange som ikkje har bestemt seg, men økonomiske og administrative samt naturvitskaplege, handverksmessige og tekniske fag står høgt i kurs. Blant gutane på yrkesfagleg studieretning har heile 38 % svart "naturvitskaplege, handverksmessige og tekniske fag." Andre fagfelt er den kategorien i denne gruppa som kjem nest høgst. Denne fordelinga er i tråd med tradisjonelle framstillingar av typiske "gute-" og "jente-" utdanningar. Vidare er fordelinga svært lik fjorårets resultat

Dei elevane som svarte at dei ikkje hadde bestemt seg for kva dei skulle gjere etter vidaregåande har også fått oppfølgingsspørsmål. Dette spørsmålet freistar å kartleggje kvifor elevane er usikre på kva dei skal gjere etter vidaregåande. Resultata er presentert i tabell 4.14.

Tabell 4.14: Prosentfordeling på spørsmålet "kvifor er du usikker på kva du skal gjere etter vidaregåande?"

	Allmenne fag		Yrkesretta fag	
	Jenter	Gutar	Jenter	Gutar
Eg klarar ikkje bestemme meg	49%	56%	50%	41%
Eg har ikkje tenkt så mykje på det endå	13%	14%	12%	24%
Eg vil sjå kva andre vener vel	0%	3%	0%	3%
Eg har ikkje fått nok informasjon	28%	8%	9%	15%
Andre grunnar	10%	19%	29%	18%

n = 146

Her ser vi at kategorien "eg klarar ikkje bestemme meg" er den mest vanlege. Vi ser vidare at ein del – særleg jenter på allmenne fag- meiner informasjonen om utdanningsval har vore for liten. Eit siste interessant aspekt ved denne variabelen er at nesten 25 prosent av gutane på yrkesfag svarar at dei ikkje har tenkt så mykje på det endå, noko som er om lag 10 prosentpoeng høgare enn for dei andre gruppene.

Det neste spørsmålet i Ungdomsbarometeret 2005 tek sikte på å fange opp kvar, og frå kven, ungdomen får impulsar til kva dei skal gjere etter vidaregåande skule. Ein kan argumentere for at dette er eit aspekt som vanskeleg kan avdekkast ved ei slik spørjegransking; kven vil vel gå med på at framtidsvala vert diktret av foreldre eller vener? Likevel teiknar resultata opp eit interessant bilete.

Tabell 4.15: Prosentfordeling på spørsmålet "kven høyrer du på når du skal velje utdanning?"

	Allmenne fag		Yrkesretta fag	
	Jenter	Gutar	Jenter	Gutar
Foreldre	13%	17%	15%	19%
Vener	6%	10%	2%	8%
Rådgjevarar på skulen	5%	10%	8%	12%
Media	2%	5%	4%	6%
Ingen av delane	75%	58%	71%	56%



Resultata viser for det første at gutar på yrkesfag er den gruppa som oppgjer foreldre som viktigaste kjelde til kven dei høyrer på i samband med val av utdanning. Likevel er det tilsynelatande store deler av respondentane som korkje tyr til foreldre, vener, rådgjevarar eller media når dei skal forklare kven som påverkar vala deira. Interessant å merke seg er likevel at jenter i større grad enn gutar legg vekt på slike individuelle forklaringar. Dersom dette biletet totalt sett er ein realitet, gjev det dårlege framtidsutsikter for holdningskampanjar som til dømes furore. Vi skal likevel ikkje sjå vekk frå at desse tala tilslører dei faktiske forholda, meir enn dei avslører. Resultata frå tabell 4.5 viser nettopp at dei ikkje er upåverka av impulsar.

Tenkjer elevane å utdanne seg slik at dei kan få jobb i Sogn og Fjordane i framtida? Tabell 4.16 kan gje oss eit svar på dette.

Tabell 4.16: Prosentfordeling på spørsmålet "tenkjer du på om dine framtidsplanar passar til jobbar i Sogn og Fjordane?"

	Allmenne fag		Yrkesretta fag	
	Jenter	Gutar	Jenter	Gutar
Ja, eg vil prøve å utdanne meg slik at eg kan få jobb i fylket	25%	24%	36%	56%
Nei, eg vel det eg har lyst til	63%	58%	58%	35%
Eg veit eigentleg ikkje kva jobbar vi har i fylket	13%	18%	6%	9%

Resultata for denne variabelen fortel oss at mange av respondentane prøver utdanne seg slik at dei får ein jobb i fylket. Trenden er vidare slik at ein større andel yrkesfagselevar enn allmennfagselevar svarar at dei vil utdanne seg slik at dei kan få jobb i Sogn og Fjordane. For gruppa gutar på yrkesretta linjer, er denne andelen heile 56%. Dersom vi ser totaltala i lys av resultata i fjor, merkar vi oss at andelen som svarar at dei utdannar seg til ei framtid i fylket har gått opp med 7 prosentpoeng.

### 4.3.1 Deloppsummering for tema fylket og framtida

Tala som omhandlar ungdom i fylket sitt perspektiv på framtida er positiv lesing sett i eit Sogn og Fjordane-perspektiv. Halvparten av ungdommane trur fylket vil utvikle seg i positiv retning, medan dei som trur det motsette utgjer 22 prosent av respondentane. I motsetnad til i fjor kan ein *ikkje* seie at det er store forskjellar mellom studieretning eller kjønn når det gjeld nett dette spørsmålet.

Når det gjeld hovudkjelde til informasjon opplyser flest respondentar lokalaviser og foreldre – med andre ord det same mønsteret som vart avdekka i fjor.

386 elevar, det vil seie 54 prosent, svarer at dei ønskjer å ta høgare utdanning. Av dei på allmenne fag er talet for jenter 76 prosent og gutar 70 prosent. Blant jenter på yrkesretta fag er det 27 prosent som ønskjer å ta fagbrev, medan 50 prosent vil ta høgare utdanning. For gutane er tilsvarande tal 49 prosent og 26 prosent. Det er svært få som opplyser at dei ikkje ønskjer å gå meir på skule. I desse tala ligg det ei vesentleg utfordring for fylket. Ikkje minst er det slik fordi vi også veit at mange av respondentane ønskjer ei lang utdanning (over fem år), noko som i hovudsak ikkje er foreneleg med ei framtid i fylket på kort sikt.

Som i fjor er det helse-, sosial- og idrettsfag som tronar øvst på studie-ønskelista til jenter på både allmenne og yrkesretta fag, mens det hos gutar på allmenne fag er økonomiske og naturvitskaplege-, handverksmessige eller tekniske fag som dominerer. Gutane på yrkesfagleg studieretning er i stor grad orienterte mot naturvitskaplege-, handverksmessige eller tekniske fag. Samstundes er det ein stor del av kvar respondentgruppe som ikkje har bestemt seg.

Svarmønstra på spørsmål om elevane vil utdanne seg for jobb i Sogn og Fjordane er òg positivt: 56 prosent av gutane på yrkesretta fag ønskjer dette, mens det for gutane på allmenne fag er om lag 24 prosent. Tilsvarende tal for jentene på yrkesretta fag er 36 prosent og for allmennfagsjenter er andelen 20 prosent. Av sistnemnde gruppe seier 63 prosent at dei vel den utdanninga dei har lyst til. Kven som er kjelde til val av utdanning er ikkje klårt, ettersom mellom 58 og 75 prosent av elevane oppgjer verken foreldre, vener, rådgjevar eller media.

#### 4.4 Tema: Livet i Sogn og Fjordane

Den siste bolken i ungdomsbarometeret sitt faste spørsmålsbatteri krinsar kring ungdom sitt syn på livet og framtida meir generelt. Mange av spørsmåla i undersøkinga tek tak i problem og utfordringar knytt til etablering, flytting og tilbakeflytting. Spørsmål om kva ungdom meiner om fylket, og det å bu her, er forsøkt belyst frå ulike perspektiv. Det første spørsmålet i denne bolken er av ein slik karakter; her har vi spurt ungdomane om kva dei meiner om å busetje seg i Sogn og Fjordane. Resultata er presenterte i tabell 4.17

Tabell 4.17: Prosentfordeling på spørsmålet "kva meiner du om å busetje deg i Sogn og Fjordane?"

	Allmenne fag		Yrkesretta fag	
	Jenter	Gutar	Jenter	Gutar
Eg har lyst til å bu her	21%	24%	36%	55%
Eg har ikkje lyst å bu her	15%	12%	12%	6%
Eg har lyst til å bu her, men ikkje før om nokre år	42%	37%	30%	15%
Trur det er same kvar eg bur	8%	12%	10%	14%
Veit ikkje	16%	14%	13%	10%

Vi ser at tendensen her er tilsvarende variabelen presentert i tabell 4.8 som i stor grad freistar å måle same fenomen. Dette fortel oss at tala er overraskande konsistente. Vidare merkar vi oss at variabelen har om lag nøyaktig same fordeling som i fjor. Det mest interessante er difor truleg dei variasjonane vi ser mellom gruppene i undersøkinga.

For det første ser vi ein tendens til at elevar på yrkesretta fag i større grad enn elevar på allmenne fag svarar at dei "har lyst til å bu her." Likevel er det slik at elevane på allmenne fag svarar at dei kan tenkje seg å bu i Sogn og Fjordane, men først om nokre år. Truleg heng dette saman med at dei på mange måtar blir "tvinga" til å flytte for å studere og ta vidare utdanning. Det kan sjå ut som om gutar på yrkesfag er dei mest stadbundne av svargruppene. Dette mønsteret forsterkar tendensen vi såg i tabell 4.8, der 56 prosent av gutane på yrkesfag opplyser at dei vil ta ei utdanning slik at dei kan få jobb i fylket - den største andelen av alle respondentgruppene. Det mest oppsiktsvekkjande med fordelingane på denne variabelen, er likevel den låge andelen som svarar at dei ikkje har lyst til å bu i fylket.

Kva er dei to viktigaste aspekta elevane vil leggje vekt på når det skal busetje seg i framtida? Prosentfordelinga for dette spørsmålet er presentert i tabell 4.18.

Tabell 4.18: Prosentfordeling på spørsmålet "kva er viktig for deg når du skal bestemme deg for kvar du vil bu i framtida?"

	Allmenne fag		Yrkesretta fag	
	Jenter	Gutar	Jenter	Gutar
At eg får arbeid	42%	43%	42%	44%
At det er gode bustadtilbod	5%	9%	7%	9%
At eg har vener og familie i nærleiken	22%	19%	23%	21%
At det er gode oppvekstvilkår for barn	15%	13%	16%	12%
At eg bur i nærleiken av servicetilbode som butikkar og kafear	7%	6%	5%	7%
At eg har kort veg til naturen	7%	4%	4%	4%
Anna	2%	5%	3%	3%

På tvers av respondentgruppene syner det seg at det utsikter til arbeid er klart viktigast. Etter dette er det vener og familie som tel høgst. Det er interessant å merke seg at det er like mønster på tvers av alle respondentkategoriane.

Kva er så det beste – og kva er det verste ved å bu i Sogn og Fjordane? Elevane skulle ta stilling til dette ved å krysse av for to svaralternativ for kvart spørsmål. Tabellane 4.19 og 4.20 syner svarfordelingane.

Tabell 4.19: Prosentfordeling på spørsmålet "kva er det verste med å bu i Sogn og Fjordane?"

	Allmenne fag		Yrkesretta fag	
	Jenter	Gutar	Jenter	Gutar
Lite som skjer	31 %	30 %	28 %	25 %
Få folk	8 %	7 %	4 %	11 %
Få fritidstilbod å velje mellom	19 %	21 %	19 %	18 %
Føler meg einsam	1 %	3 %	2 %	3 %
Lange avstandar til sentruma	11 %	14 %	13 %	19 %
Det er mykje sladder	18 %	9 %	19 %	13 %
Det er vanskeleg å vere seg sjølv	5 %	5 %	5 %	3 %
Det er kjedeleg	7 %	10 %	8 %	8 %

Tabell 4.20: Prosentfordeling på spørsmålet ”kva er det beste med å bu i Sogn og Fjordane?”

	Allmenne fag		Yrkesretta fag	
	Jenter	Gutar	Jenter	Gutar
Fin natur	22 %	25 %	22 %	24 %
Mange gode fritidstilbod	2 %	3 %	2 %	5 %
Er nær familien	19 %	13 %	24 %	16 %
Har mange vener	24 %	21 %	21 %	20 %
Her er trygt	17 %	20 %	13 %	13 %
Mykje å drive med på fritida	2 %	4 %	2 %	7 %
Det er triveleg	10 %	9 %	9 %	9 %
Det er lett å vere meg sjølv	4 %	4 %	6 %	5 %

Når det gjeld *verst* er det kategorien ”lite som skjer” som peikar seg ut. I tillegg er det eit eintydig mønster i høve til at kring 20 prosent tykkjer det er ”få fritidstilbod å velje mellom.” Når det gjeld skilnader på tvers av kjønn, er det interessant å notere at jenter i mykje større grad enn gutar tykkjer at sladder er eit negativt aspekt ved å bu i heimfylket. Med unntak av dette, er det ikkje tydelege skilnader mellom respondentgruppene. Endringar i høve fjoråret er heller ikkje særlig markante.

”Fin natur” og ”mange vener” skil seg ut på tvers av kjønn og studieretning når ein ser på kva som er best med å bu i Sogn og Fjordane. I tillegg er det å ha det ”trygt” og vere i ”nær familien” høgt verdsett. Familie ser ut til å vere noko meir viktig for jentene, samstundes syner det seg og at det å ha det trygt ser viktigare ut for allmennfagselevar enn yrkesskuleelevane, jamvel om skilnadene her er små. Svarmønstra er heller ikkje her vesentleg ulikt resultat frå i fjor.

I denne bolken - som tek sikte på å kaste lys over kva ungdom meiner om å leve i Sogn og Fjordane – inkluderte vi òg to påstandar som ungdommen vart oppmoda om å ta stilling til. ”Er du samd eller usamd i at det er betre for born og unge å vekse opp i Sogn og Fjordane?” og ”Er du samd eller usamd i at miljøet i Sogn og Fjordane er for smått for meg?” Fordelingane er vist i tabell 4.21 og 4.22. Bakgrunnen for å inkludere desse påstandane i Ungdomsbarometeret er at dei nemnte variablane er ein del av Norsk Gallup si ungdomsundersøking i Sogn og Fjordane frå 1997. Det er såleis spennande å sjå om holdningane blant ungdom er konsistente over tid.

Tabell 4.21: Prosentfordeling på spørsmålet ”er du samd eller usamd i at det er betre for born og unge å vekse opp i Sogn og Fjordane?”

	Allmenne fag		Yrkesretta fag	
	Jenter	Gutar	Jenter	Gutar
Samd	72%	77%	95%	88%
Litt samd	15%	12%	2%	4%
Verken samd eller usamd	10%	9%	2%	5%
Litt usamd	2%	1%	0%	1%
Usamd	2%	1%	1%	2%

Tabell 4.22: Prosentfordeling på spørsmålet ”er du samd eller usamd i at miljøet i Sogn og Fjordane er for smått for meg?”

	Allmenne fag		Yrkesretta fag	
	Jenter	Gutar	Jenter	Gutar
Samd	58%	62%	94%	78%
Litt samd	11%	14%	1%	5%
Verken samd eller usamd	14%	12%	2%	8%
Litt usamd	9%	7%	2%	3%
Usamd	8%	5%	1%	6%

Svarfordelinga for den første påstanden – ”det er betre for born og ung å vekse opp i Sogn og Fjordane” - syner eit klårt mønster i retning at respondentane er samde. På allmenne fag seier 87 og 89 prosent av jentene og gutane seg anten ”samd” eller ”litt samd” i at det er betre for ungdom å vekse opp i Sogn og Fjordane. På yrkesfag er tilsvarende tal 97 prosent for jenter og 92 prosent for gutar. Men her er det endå fleire som har eit tydeleg standpunkt i retning ”samd.” Ser vi resultatane her i lys av Norsk Gallup sine tal frå 1997<sup>8</sup>, merkar vi oss at andelen som er ”samd” og ”litt samd” har auka frå 76 prosent til dagens tal som er på 91 prosent blant alle gruppene. Førestellinga om at fylket vårt er ein god plass å vekse opp er såleis godt befestet i ungdommane. Dette ser òg ut til å vere aukande.

Tabell 4.22 syner holdningar til påstanden ”miljøet i Sogn og Fjordane er for smått for meg.” Resultatane er interessante, jamvel om dette spørsmålet kan karakteriserast som leiande. Undersøkinga så langt har vist at ein svært høg prosentandel er innstilte på å bu i fylket, men me finn altså òg ei overvekt av dei som tykkjer at miljøet i fylket er for lite. Til dømes har 66 prosent av jentene på yrkesfag svara at dei vil bu her no eller eventuelt om nokre år (jfr. tabell 4.17). Samstundes svarer heile 94 prosent seg ”samd” i påstanden om at miljøet er ”for smått.” For gutar på yrkesfag er tilsvarende andel 78 prosent. Allmennfagselevar seier seg òg samde i påstanden i monaleg grad, sjølv om andelen er noko mindre enn for yrkesfag. På mange måtar framstår dette som eit paradoks, nettopp fordi gruppa som tidlegare har vist seg å vere minst flyttevillige, også i stor grad er samd i påstanden.

Samanlikna med resultatane frå Norsk Gallup si undersøking frå 1997 viser Ungdomsbarometeret 2005 ein interessant tendens. Totalt er nemleg andelen som i år er samde eller litt samde i påstanden om at miljøet i fylket er for smått 81%. Tilsvarende (men ikkje direkte samanliknbare) tal frå 1997 var 25 prosent. Vidare ser vi at i år var 10 prosent av ungdommen usamde eller litt usamde i denne påstanden, mot heile 44 prosent i 1997. Desse tala er overraskande, og vanskeleg å forklare. Noko ligg truleg i at undersøkinga i 1997 var retta mot ei vidare aldersgruppe, (i motsetnad til Ungdomsbarometeret, der målgruppa er elevar i vidaregåande skular). Det vil vere rimeleg å tru at 17- og 18-åringar, i større grad enn 25-åringar oppfatar miljøet i fylket som ”smått,” nettopp fordi dei står på terskelen av vaksenverda og truleg har ein større utferdstrøng i så måte.

#### 4.4.1 Deloppsumming av tema livet i Sogn og Fjordane

Resultatane frå ungdomsbarometeret syner at ungdom i fylket ikkje er framande for å bu i Sogn og Fjordane i framtida. Heile 65 prosent av elevane svara at dei ”har lyst til å bu her,” eller

<sup>8</sup> Tala er ikkje direkte samanliknbare, mellom anna på grunn av samanhengen spørsmåla er stilte i, og gruppa undersøkinga er retta mot. Likevel kan endringane i fordeling over tid antyde tendensar.

”har lyst til å bu her, men først om nokre år.” Den gruppa som i størst grad gjev uttrykk for at dei har lyst til å bu i fylket er gutar på yrkesretta fag. Likevel er det interessant å merke seg at andelen som svarar at dei ikkje vil bu i Sogn og Fjordane er låg for alle grupper av respondentar.

Vidare har vi forsøkt å kartlegge kva faktorar som betyr noko når ungdom skal busetje seg i framtida. Resultata viser at ungdom meiner at arbeid er det som har størst betydning, tett fulgt av nærleik til familie og gode oppvekstvilkår. Interessant i denne samanhengen er det òg at dei ulike gruppene i undersøkinga svara svært likt på dette spørsmålet.

Det verste med å bu i Sogn og Fjordane er at det er lite som skjer og at det er få fritidstilbod – slik elevane oppfattar det. I tillegg er sladder noko som skil seg ut blant jentene som eit negativt aspekt. Vidare streka særleg gutar på yrkesfag under at avstand til sentrum er eit aber med å bu i fylket. Av dei beste tinga ved å bu i fylket er det fire faktorar som skil seg ut: fin natur, at ein er nær familien, at ein har mange vener her og at det er trygt.

Avslutningsvis i bolken om livet og framtidig busetnad i Sogn og Fjordane vart ungdomen konfrontert med to påstandar. Båe desse påstandane er det stor oppslutnad kring; den eine påstanden hevdar at ”det er betre å vekse opp i Sogn og Fjordane,” medan den andre påstår at ”miljøet i Sogn og Fjordane er for smått for meg.” Den store graden av semje kring særleg den siste påstanden er overraskande sett i lys av tidlegare undersøkingar. I tillegg løftar dette fram eit paradoks i svara; svært mange ser føre seg ei framtid i fylket, samstundes som dei òg oppfattar miljøet som smått. Djubdeundersøkinga vil vonaleg hjelpe oss på sporet av kvifor ungdom oppfattar det slik.

#### 4.5 Årets tema: reise og internasjonalisering

Den siste bolken i Ungdomsbarometeret handlar om reise og internasjonalisering. Temaet for denne bolken er tenkt å rullere frå år til år. Bakgrunnen for at reise og internasjonalisering vart valt i år, var mellom anna oppslag i pressa om at ungdom frå Sogn og Fjordane i mindre grad enn ungdom frå andre stadar i landet tek utveksling i utlandet i løpet av studietida. Tal frå statens lånekasse for utdanning syner at det er fire gonger så høg sjans for at ungdomar frå Oslo reiser på utveksling i ulandet, som ein ungdom frå distrikta (Nationen 20.09.05).

Det første spørsmålet i reise og internasjonaliseringsbolken er difor sikta inn mot å finne ut om ungdom frå fylket har lyst til å reise ut som utvekslingsselevar. Resultata er presentert i tabell 4.23 under.

Tabell 4.23: Prosentfordeling på spørsmålet ”kan du tenkje deg eitt år som utvekslingsselev i utlandet?”

	Allmenne fag		Yrkesretta fag	
	Jenter	Gutar	Jenter	Gutar
Ja	72%	58%	70%	37%
Nei	13%	20%	12%	42%
Veit ikkje	16%	22%	18%	21%

Tala i tabell 4.23 viser at mange ungdomar i fylket har eit ønskje om utveksling; heile 59 prosent av ungdomen i fylket svarar at dei kan tenkje seg eit år som utvekslingsselev i utlandet. Me ser av tabellen at det er jentene som verkar mest interesserte i dette – både blant dei på allmennfaglege og yrkesfaglege studieretningar. Hos gutane på allmenne fag er det òg

ein stor andel som ønskjer dette, mens gutane på yrkesfag er dei som skil seg sterkast ut frå resten – kun 37 prosent av dei svarer at dei kunne tenkje seg eit år som utvekslingselev. Her må det leggjast til at for dei fleste av desse er det mindre aktuelt òg, sidan det er 49 prosent av dei som har svara at dei ønskjer å ta fagbrev (jfr. tabell 4.13), noko som for dei aller fleste vil utelukke noko slikt. Splittar vi materialet i meir presise studieretningar ser vi at det spesielt blant elevane på naturbruk, byggfag og mekaniske fag er uaktuelt med utveksling

Tabell 4.24 syner fordelinga på spørsmål om kva type feriereise ungdomen kan tenkje seg.

Tabell 4.24: Prosentfordeling på spørsmålet "kva type feriereise vil du helst reise på?"

	Allmenne fag		Yrkesretta fag	
	Jenter	Gutar	Jenter	Gutar
Sydenferie	46%	35%	52%	46%
Interrail i Europa	19%	21%	16%	13%
Backpacking i Asia, Australia eller Amerika	32%	35%	22%	20%
Hyttetur i Noreg	2%	4%	8%	13%
Vere heime	2%	5%	1%	7%

Resultata viser at dei færreste kunne tenkje seg å feriere i nærleiken av heimen/i heimen. Totalt ser vi at sydenferie er det som er mest populært med 45 prosent av alle respondentane. Nest mest populært er "backpacking." Dei meir lokale ferieformene har mindre tilslutnad, dersom ungdomen får velje fritt.<sup>9</sup> På dette spørsmålet er det òg relativt klare skilnader mellom gruppene yrkesfag og allmennfag. Backpacking og interrail er til dømes meir populært på allmennfag enn på yrkesfag, medan syden- og hytteferiar er meir populært på yrkesfag enn på allmennfag.

Førre spørsmål handla om kva feriereiser ungdom kunne tenkje seg å reise på. Det neste spørsmålet er meir sikta inn mot å måle kor mykje ungdomen faktisk reiser. Spørsmålet vi stilte var: "har du føreteke reiser på over 100 km eller reiser til utlandet i løpet av siste halvår?" Resultatet er presentert under:

Tabell 4.25: Prosentfordeling på spørsmålet "har du føreteke reiser på over 100 km eller reiser til utlandet i løpet av siste halvår?"

	Allmenne fag		Yrkesretta fag	
	Jenter	Gutar	Jenter	Gutar
Nei	24%	20%	41%	50%
Ja, ei reise	36%	37%	33%	24%
Ja, to reiser	20%	16%	9%	8%
Ja, tre reiser	10%	10%	7%	6%
Ja, fleire enn fire reiser	11%	18%	10%	13%

Det mest interessante i fordelinga på dette spørsmålet er skilja mellom yrkes- og allmennfag. På allmenne fag er det kun 24 prosent av jentene og 20 prosent av gutane som ikkje har vore på ei slik reise det siste halve året. Størstedelen av desse har vore på ei reise, medan det òg er

<sup>9</sup> Kva reisevanar ungdom reellt og faktisk har, harmonerer ikkje nødvendigvis med fordelinga på denne variabelen.

ein del som har vore på to reiser. På yrkesretta fag opplyser flest respondentar at dei ikkje har vore på noko reise i det heile, medan mellom 33 prosent (jenter) og 24 prosent (gutar) har vore på *ei* reise. Av tabellen ser det såleis ut til at allmennfagselevar reiser meir enn yrkesfagselevane.

Respondentane som opplyste at dei hadde vore på ei eller fleire reiser, vart også spurte om kva føremål (den siste) reisa hadde. Resultatet er presentert i tabell 4.26

Tabell 4.26: Prosentfordeling på spørsmålet ”kva var føremålet med reisa?”

	Allmenne fag		Yrkesretta fag	
	Jenter	Gutar	Jenter	Gutar
Fritidsaktivitet	9%	15%	7%	14%
Feriereise	66%	47%	61%	42%
Skule	17%	23%	7%	21%
Handel	3%	3%	3%	5%
Anna	5%	13%	22%	18%

n = 463

Tabell 4.26 syner at det i hovudsak er ferie som har vore hovudmål for reisa. Vidare er det grunn til å peike på at det er stor kjønnskilnader i fordelingane på denne variabelen. Jenter har meir feriereiser, medan gutane i større grad svarar at fritidsaktivitetar har vore føremålet med reiseaktiviteten.

Respondentane som hadde føreteke ei reise på 100 km eller reiser til utlandet i løpet av siste halvår vart òg spurt om hovudtransportmiddel, noko som er oppsummert i tabell 4.27.

Tabell 4.27: Prosentfordeling på spørsmålet ”kva var hovudtransportmidlet?”

	Allmenne fag		Yrkesretta fag	
	Jenter	Gutar	Jenter	Gutar
Fly	68%	55%	49%	36%
Tog	1%	8%	0%	0%
Bil	15%	18%	27%	36%
Buss	15%	16%	18%	18%
Båt	1%	3%	3%	7%
Anna	0%	1%	3%	3%

n = 463

Transportmidlet som i størst grad vart nytta er fly. Deretter følgjer bil og buss. Det som likevel fangar interessa her er den store skilnaden som er mellom yrkes- og allmennfaga. Vi ser at allmennfagselevane i størst grad svarar "fly," medan yrkesfagselevane svarar "bil" som hovudtransportmiddel. Skilnadene her er på nesten 20 prosentpoeng. Den skilnaden som vi her observerer er i tråd med empirisk forskning på temaet ungdom og transport i Norden. I ein rapport som oppsummerer ungdom og transportmiddelbruk heiter det mellom anna ”at det å vere gutt og/eller yrkesaktiv øker tilgangen til bil [...]” (Nordbakke og Ruud 2005:8). Såleis er det ikkje overraskande at gutar i større grad enn jenter, og yrkesfags- heller enn allmennfagselvar, oppgir ”bil” som hovudtransportmiddel.



Biltransport syner seg som eit heilt vesentleg transportmiddel for innbyggjarar i eit fylke som Sogn og Fjordane der kollektivmogelegheitene er begrensa og avstandane store. Forsking på ungdom og transportmiddelbruk har påvist ein synkande interesse blant ungdom i dei Nordiske landa for å ta førarkort (Nordbakke og Ruud 2005:26-28) Korleis ser dette så ut for elevar ved dei vidaregåande skulane i Sogn og Fjordane? Er det slik at den generelle trenden blant ungdomar også er gyldig her i fylket? Tabellen under prøver å fange opp kor stor andel av ungdomane i fylket som har førarkort eller tenkjer på å ta førarkort.

Tabell 4.28: Prosentfordeling på spørsmålet "har du førarkort for bil, eller planlegg du å ta førarkort i løpet av dei to neste åra?"

	Allmenne fag		Yrkesretta fag	
	Jenter	Gutar	Jenter	Gutar
Eg har førarkort	46%	48%	12%	22%
Eg har planar om å ta førarkort dei neste to åra	49%	48%	80%	76%
Eg er ikkje interessert i å ta førarkort	2%	3%	2%	2%
Veit ikkje	4%	2%	5%	1%

For det første ser vi at det er skilnader mellom yrkes- og allmennfag på andelen som har førarkort. Denne skilnaden skuldast at yrkesfagselevane i stor grad er under atten år, medan fleire av allmennfagselevane er fylt atten. Blant allmennfagselevane er det allereie kring halvparten som har skaffa seg førarkort – resten, med unntak av 5-6 prosent avhengig av kjønn, har planar om å gjere dette. Tala frå ubarometeret viser ikkje den faktiske andelen som tek førarkort, men resultatane kan likevel antyde kor mange som har førarkort eller har konkrete planar om å ta "lappen." Vi ser at den trenden som er påvist, med ein markant nedgang i andelen som tek førarkort, ikkje ser ut til å vere gyldig her i fylket. Svært få seier klart nei til å ta førarprøven. Dette kan såleis tyde på at den generelle tendensen med nedgang i talet på ungdomar som tek førarkort, i stor grad er eit byfenomen, noko Nordbakke og Ruud også kommenterer. Dei hevdar at det er "tegn på forskjell mellom by og land også i Norge når det gjelder endringer i førerkortandel blant ungdom på 1990-tallet" (Nordbakke og Ruud 2005: 28).

Det har allereie vorte spurd om ungdommane har *lyst til* å bu i Sogn og Fjordane og kvar dei *helst* vil bu. Men kva svarer dei på spørsmål om dei kunne tenkje seg å bu i utlandet – ei litt annleis formuleringsvariant? I tabell 4.29 er resultatane for denne variabelen presentert.

Tabell 4.29: Prosentfordeling på spørsmålet "kan du ein gong i framtida tenkje deg å bu i utlandet?"

	Allmenne fag		Yrkesretta fag	
	Jenter	Gutar	Jenter	Gutar
Ja	57%	52%	50%	34%
Nei	16%	15%	19%	40%
Veit ikkje	27%	33%	30%	25%

Av tabellen ser vi at over halvparten av elevane på allmenne fag i undersøkinga kunne tenkje seg å bu i utlandet. 50 prosent av jentene på yrkesfag likeeins, medan andelen blant gutane på yrkesfag er mykje mindre –totalt 34 prosent. Dette er òg den gruppa som er mest bestemt på

ikkje å bu i utlandet. Vi ser her at det er tydelege skilje mellom gruppa gutar yrkesfag, med omsyn til dette spørsmålet. Skilnaden mellom denne gruppa og jenter allmenne fag er på heile 23 prosentpoeng. Det er vidare eit relativt stort antal elevar som opplyser at dei ikkje veit om dei vil bu i utlandet.

Ser vi dette i lys av tabell 4.17 ("kva meiner du om å busetje deg i Sogn og Fjordane?") dukkar det opp nokre interessante spenningar. Til dømes er det over halvparten av alle jentene i undersøkinga som kan tenkje seg å bu i utlandet. Samstundes hugsar vi over halvparten av dei har òg lyst til å bu i Sogn og Fjordane. For gutar (særleg på yrkesfaga) er mønsteret annleis, dei er meir tydelege på at det er i Sogn og Fjordane dei vil bu, avhengig av på kva måte ein stiller spørsmål rundt dette, og kor sterk ønskegrad ein nyttar i formuleringa. Likevel kan dette indikere at respondentgruppene uttrykkjer lite konsistente haldningar kring kor dei vil bu i framtida. Mykje tydar på at vi kan stå overfor ein viss "ja-seiing" (Hellevik 1999: 349)

Heilt til sist i undersøkinga er elevane stilt spørsmålet kvar dei helst vil bu. Dette er eit spørsmål som har vore belyst og stilt på fleire ulike måtar i løpet av undersøkinga. Formuleringa denne gongen var "kvar vil du helst bu?"

Tabell 4.30: Prosentfordeling på spørsmålet "kvar vil du helst bu?"

	Allmenne fag		Yrkesretta fag	
	Jenter	Gutar	Jenter	Gutar
Sogn og Fjordane	37%	33%	42%	60%
Oslo	5%	3%	4%	3%
Bergen	25%	27%	19%	12%
Trondheim	5%	1%	4%	3%
Ein annan by i Noreg	9%	10%	6%	9%
Ein annan stad i Noreg (ikkje by)	4%	5%	8%	5%
Andre land i Europa	8%	10%	7%	4%
Andre land i verda	7%	12%	10%	5%

Av tabell 4.30 kan me sjå at svært mange prioriterer Sogn og Fjordane høgst. Heile 44 prosent av ungdomane i undersøkinga svarar nettopp at det er i Sogn og Fjordane dei helst vil bu. Vidare er det interessant å sjå at Bergen kjem høgt opp på denne lista, med 21 prosent totalt.

Vi ser òg at det er visse skilnader mellom allmennfaga og yrkesfaga: Det er mellom anna noko fleire elevane på yrkesfag som opplyser heimfylket som framtidig bustadmål, medan Bergen er litt meir populært blant allmennfagselevane. Om ein slår saman svara for dei som har lyst til å bu utanfor Noreg, ser ein at heile 22 prosent av gutane på allmenne fag kunne tenkt seg dette – mot 9 prosent av dei på yrkesfag. Blant jentene utgjer dette 15 og 17 prosent for høvesvis allmenne og yrkesretta fag.

#### 4.5.1 Deloppsummering av tema reise og internasjonalisering:

Oppslaga i pressa om at ungdom i Sogn og Fjordane i mindre grad enn andre ungdomar reiser ut i verda for utdanning og utveksling, stemmer ikkje med det biletet som trer fram i Ungdomsbarometeret 2005 - i alle fall står det ikkje på viljen og ønsket om å reise ut. Med

unntak av gutar på yrkesfag er det ei overvekt av elevar som kan tenkje seg å ta eit år som utvekslingselev eller -student i utlandet. Vidare har vi sett at det i størst grad er jentene som er interesserte i dette – både blant dei på allmennfaglege og yrkesfaglege studieretningar.

Ungdomane i undersøkinga er framtidens trafikanter. Vala deira i dag kan vere med på å leggje grunnlag for reising i framtida. Kunnskap om kva ungdom tenkjer og handlar i høve til dette er såleis viktig. Når det gjeld reisemønster ser vi at ”sydenferie” er den meste fengjande kategorien for ungdom i Sogn og Fjordane, med ”backpacking” som andrevalet på ønskelista. På spørsmål om faktiske reiser det siste halve året, ser vi at det er relativt store variasjonar mellom gruppene; allmennfagselevar reiser mykje meir enn yrkesfagselevane. Denne skilnaden er òg forsterka om vi har eit blick for spørsmålet om kva transportmiddel som er nytta. Her ser vi nemleg at fly blei mykje meir nytta av allmennfagselvar enn av yrkesfagselevane, medan mønsteret for bil var stikk motsett.

Val av transportmiddel vil variere frå ungdom til ungdom, på bakgrunn av strukturelle og økonomiske ressursar (som til dømes kollektivtilbod og tilgang på bil), men og personlege motiv og preferansar (som livsstil og miljøhaldningar) (Nordbakke og Ruud 2005). Difor er det interessant å obeservere store skilnader i transportmiddelbruk mellom jenter og gutar og yrkesfagselevar og allmennfagselevar. Vi ser òg dei fleste ungdomane i utvalget har, eller har planar om å ta, førarkort for bil. Trenden som er observert på nasjonalt nivå, med ein markant nedgang i andelen unge som tek førarkort, ser difor ikkje ut til å ha slege inn i Sogn og Fjordane. Dette er i tråd i med forskning som hevdar at denne nedgangen i stor grad er eit byfenomen.

Ungdomsbarometeret 2005 vart avslutta med to spørsmål omkring kvar ungdomen helst vil bu, og i kva grad det kan vere aktuelt å busetje seg i utlandet. Desse variablane avdekkar eit til dels paradoksalt forhold; om lag halvparten av ungdomane svara nemleg at dei kunne tenkje seg å bu i utlandet framtida. Samstundes svara 44 prosent at det helst vil bu i Sogn og Fjordane, med Bergen som det nest mest populære alternativet. Dette viser at vi møter ungdom i ein emningsfase, der alle planar ikkje nødvendigvis er fastlagt og bestemt.

## **5.0 Kvalitativ undersøking**

I tillegg til spørjeskjemaundersøkinga består som nemnt Ungdomsbarometeret 2005 også av ein kvalitativ studie av ein utvalt skule. I år fokuserte vi på Stryn vidaregåande skule. Bakgrunnen for dette er mellom anna skulen sitt arbeid med ungdomsbedrifter og entreprenørskap. Framstillinga og analysane av dei kvalitative data frå Stryn vidaregåande skule vil difor i hovudsak ta føre seg elevane sine holdningar til entreprenørskap og syn på bedrifter og næringsliv i fylket. Likevel er det òg slik at intervjuar bidreg til ei meir fyldig forståing av det datamaterialet som så langt er rapportert. Den følgjande framstillinga vil difor òg løfte fram nokre av desse funna.

Presentasjonen av materialet er disponert på følgjande måte: først gjer vi greie for satsinga på entreprenørskap, spesielt med fokus på ungdomsbedrifter og Fyrtårnprosjektet i Stryn. Dette blir så kopla på ein diskusjon av elevane i Stryn sin motivasjon for, og holdning til, bedriftsetablering. Her vil vi illustrere med sitat og tankar frå elevintervjua. Etter dette går vi meir spesifikt inn i somme av dei utfordringane og dilemma som spørjeskjemaundersøkinga retta merksemda mot, noko som kan vere med å fylle ut det biletet som så langt er teikna opp.

## 5.1 Sogn og Fjordane som pioner – Stryn som Fyrtårn

Mykje av fylkesplanarbeidet og ungdomsprosjekta i Sogn og Fjordane fokuserer på koplinga mellom utdanning og arbeidsliv. Dette såg vi i kapittel 3.1 har vore eit tema som har gått igjen over tid. Bakgrunnen for dette er mellom anna nedslåande tal om nyetableringar i Sogn og Fjordane. Til dømes vart det i perioden 2001-2003 kun etablert 26 føretak i fylket pr. 1000 innbyggjarar. Dette er heilt på botnen i Noreg; landsgjennomsnittet er 40 pr. 1000 innbyggjarar<sup>10</sup>. Eit heilt vesentleg verkemiddel i arbeidet med dette, i tillegg til å styrke koplinga skule - arbeidsliv har vore å fokusere på ungt entreprenørskap i skulen. Denne trenden er ser vi til dømes att i tiltak som ungdomsbedrifter, nysgjerrigper og REAL-pedagogikken<sup>11</sup>. Omfanget av dette er stort: I 2003/2004 deltok 80 av 141 grunnskular i Sogn og Fjordane i samarbeidet mellom skule og næringsliv (Vegen vidare for Sogn og Fjordane: 20). Oppslag i Sogn Avis onsdag 9. november illustrerer den same tendensen. Her les vi at fleire kommunar i fylket skal innføre eit nytt fag i ungdomsskulen frå 2008, med det for auge å stimulere til samarbeid mellom skulane og næringslivet<sup>12</sup>.

I fylkesplanen for 2005-2008 står det mellom anna at ein ønskjer å starte entreprenørskap som fag/prosjekt på alle skule-/utdanningsnivå. Stryn er i denne samanhengen blinka ut som eit ”fyrtårn i eit utdanningssystem som skaper entreprenørar og gjev innsikt i lokale moglegheiter<sup>13</sup>.” I dette ligg det mellom anna at Stryn skal innføre REAL-pedagogikken på både grunn- og vidaregåande nivå. Ungdomsbarometeret sitt søkelys på Stryn vgs. er såleis interessant. Ikkje minst er det slik fordi entreprenørskap i skulen er sagt å vere eit målretta tiltak *mot* fråflytting, og *for* verdiskaping, innovasjon og nyskaping. Det vil vere nyttig å sjå i kva grad ein har klart å bygge opp medvitne haldningar til entreprenørskap blant elevane ved skulen.

Bondevik II-regjeringa utarbeida i 2003 ein strategiplan for entreprenørskap i utdanning - ”Se mulighetene og gjør noe med dem!” Her vert det skissert kva ein på ulike nivå i utdanningssystemet skal fokusere på. I denne samanhengen -Stryn vgs.- er det mest interessant å sjå kva som står om vidaregåande skular. Her heiter det:

”På dette trinnet bør opplæringen være preget av kobling av teori og praksis med fokus på læring gjennom praktisk arbeid, for eksempel i form av ungdomsbedrift. Arbeidslivskunnskap, etablererkunnskap, etikk/miljølære, økonomi og ressursbruk vil være viktige elementer i undervisningen” (s.7)

Satsinga er på mange måtar eit målretta tiltak for å møte dei utfordringane som ligg i omgrepa ”mismatch” og ”kompetansegap” som nettopp har vore nytta til å skildre situasjonen i Sogn og Fjordane. Samstundes er dette òg ein freistnad på å møte problemstillingar knytt til endra næringsstruktur og mangesysleriet som pregar Sogn og Fjordane meir spesielt. I lys av resultatane frå spørjeskjemaundersøkinga er dette òg viktig. Dette gjeld særleg forholdet mellom kva ungdom ønskjer å arbeide med i framtida, og det inntrykket dei har av kva arbeid som faktisk finst i Sogn og Fjordane.

I ein ny evalueringsrapport frå Kunnskapsparken i Bodø (”Entreprenørskapskompetanse i den norske skolen”), kjem Sogn og Fjordane godt ut. Fylket scorar høgt på dei aller fleste

<sup>10</sup> Dette er tal som Arnestad og Nesse (2005) presenterer i kronikken ”på botnen av etableringsstatistikken.”

<sup>11</sup> REAL står for rural entrepreneurship through action learning.

<sup>12</sup> ”Vil knytte elever til lokale jobbar” i Sogn Avis onsdag 9. november.

<sup>13</sup> Dette står å lese i eit notat om Fyrtårn-prosjektet (samarbeid mellom Stryn kommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune).

indikatorane både med tanke på korleis entreprenørskapsorienteringa er blitt implementert og kva kunnskapar dei ulike skulane har om dette. Stryn er ein av kommunane i fylket som har satsa tungt på entreprenørskap. Ved Stryn vgs. har ein mellom anna to lærarar som arbeider særskilt med ungdomsbedrifter. I planane for Fyrtårnprosjektet er mellom anna desse tiltaka inkludert:

- Partnerskap mellom skular og bedrifter/institusjonar
- Utplassering/opplæring i bedrift
- Elevbedrifter/ungdomsbedrifter
- Prosjektarbeid
- Utveksling/hospitering
- REAL som pedagogisk verkty
- Nytte fleire læringsarenaer og læringsstrategiar

Målsetjinga for prosjektet har vore å ”medverke til å utvikle entreprenørskapstenking og utvikle positive haldningar til å ta i bruk lokale ressursar og skape framtidretta aktivitetar og arbeidsplassar” (Frå rapporten ”Stryn som Fyrtårn” s. 8)

Før vi går nærare inn på korleis ungdom oppfattar det å drive ungdomsbedrifter, kan det vere interessant å bruke tala frå spørjeskjemagranskinga til å sjå på entreprenørskapsholdninga blant dei unge i Stryn. Ein indikasjon på dette finn vi dersom vi samanliknar tala frå Stryn vgs. med tala for fylket som heilskap. Dette har vi gjort for spørsmålet om respondenten kan tenkje seg å starte eiga verksemd ein eller annan gong i framtida. Resultata er oppsummert i tabell 5.1

Tabell 5.1 Andelen elevar som kan tenkje seg å starte bedrift i Stryn og andre skular i fylket

		STRYN			
		Stryn		Alle andre skular	
		Count	Column Valid N %	Count	Column Valid N %
Kan du tenkje deg å etablere ei bedrift ein gong? Altså starte di eiga bedrift frå grunnen av?	ja	51	49,0%	236	39,3%
	nei	9	8,7%	59	9,8%
	kanskje, usikker	44	42,3%	305	50,8%

Tabellen er interessant, og viser at 49 prosent av respondentane ved Stryn vgs. kan tenkje seg å etablere ei bedrift ein gong. Dette er om lag ti prosentpoeng høgare enn for fylket generelt. Tala frå Ungdomsbarometeret viser såleis at elevane ved Stryn vgs. i større grad enn elevar i resten av fylket kan tenkje seg å etablere ei eiga verksemd i framtida. Vi har ikkje grunnlag for å påstå at dette er ein effekt av Fyrtårnprosjektet eller satsinga ein har hatt på entreprenørskap meir generelt. Likevel kan dette vere ei rimeleg forklaring, sett i lys av det fokuset dette har hatt ved skulen.

Eit viktig verkemiddel i arbeidet med entreprenørskap i skulen er å skape kontakt mellom utdanning og næringsliv lokalt. I Bondevik II-regjeringa sin strategiplan heiter det mellom anna at ”Entreprenørskapsopplæring forutsetter et nært samarbeid mellom skole og lokalt samfunns- og næringsliv” (”se mulighetene –gjør noe med dem” s.7) I lys av dette er det

interessant å sjå kva elevane ved Stryn vgs. tykkjer om det lokale næringslivet der. Tabellen under gjev i så måte interessante resultat:

Tabell 5.2 Andelen elevar som kan syns bedrifter i Sogn og Fjordane er kjedeleg- spennande i Stryn og resten av fylket. (1 kjedeleg – 5 spennande).

		STRYN			
		Stryn		Alle andre skuler	
		Count	Column Valid N %	Count	Column Valid N %
Tenk på ei bedrift du kjenner i fylket. Kva meiner du om denne bedrifta? Kjedeleg - Spennande	1	4	3,8%	25	4,2%
	2	4	3,8%	52	8,7%
	3	21	20,2%	220	36,7%
	4	33	31,7%	147	24,5%
	5	42	40,4%	156	26,0%

Tabell 5.3 Andelen elevar som kan syns bedrifter i Sogn og Fjordane er tradisjonell – moderne i Stryn og resten av fylket (1 tradisjonell 5 framtidretta).

		STRYN			
		Stryn		Alle andre skuler	
		Count	Column Valid N %	Count	Column Valid N %
Tenk på ei bedrift du kjenner i fylket. Kva meiner du om denne bedrifta? Tradisjonell - Framtidretta	1	5	4,8%	46	7,7%
	2	12	11,5%	61	10,2%
	3	24	23,1%	231	38,5%
	4	28	26,9%	131	21,8%
	5	35	33,7%	131	21,8%

Desse to tabellane viser at elevane i Stryn jamnt over har i ei meir positiv innstilling til bedriftene i Sogn og Fjordane enn elevar generelt i fylket. Det er vanskeleg å gje klare svar på kvifor det er slik, men djubdeintervjua med elvane i Stryn kan gje nokre indikasjonar. I det følgjande skal vi sjå nærare på nettopp dette.

I djubdeintervjua blir inntrykket frå tabellane 5.2 og 5.3 forsterka. Brorparten av informantane har vakse opp i Stryn, og karakteriserer bedriftene i kommunen med omgrep som ”interessante,” ”gode,” ”lønnsame” og ”spennande.” Dette er truleg ei av årsakene til at respondentane i Stryn legg for dagen ei meir positiv innstilling til det lokale næringslivet enn kva tilfellet er for elevar meir i fylket generelt. Djubdeintervjua viser at elevane i stor grad er medvitne om arbeidet med entreprenørskap i Stryn, i tillegg til at dei har kunnskapar om det lokale og regionale arbeids- og næringslivet. Følgjande sitat kan vere forklarande:

Jente allmennfag: Eg syns særlig i Stryn så er det mange spennande bedrifter. Sånn som Moods og Aloha Hemp og fleire som har starta opp heilt nye ting. Det gir ein inspirasjon til alle, egentlig. Det får deg til å sjå mulighetene, og til å tenke at det faktisk ikkje er så gale å bu på bygda. Og at du kan få til noko [...]Eg tur det fokuset som har vore her på ungdomsbedrift fører til at fleire har lyst å starte opp. Det trur eg faktisk. Fordi alle her er heilt øsne, og du tenke mykje meir over mulighetene og du

opnar augene, så det trur eg heilt klart. Og du lærer liksom alle fasane om korleis du skal starte opp, og det med pengar og skjema og alt sånn.

Intervjuar: Kva syns du er det viktigaste du lærte av arbeidet med ungdomsbedrift, da?

Jente allmennfag: Du lærte det at alt faktisk er mulig. Og at det egentlig berre er deg sjølv som set grenser for kva som er mulig.

Dette sitatet er interessant av fleire grunnar. For det første ser vi at informanten er svært positiv til arbeidet i, og med, ungdomsbedrifter. Ho har sjølv delteke i ei slik, med gode resultat. Vidare ser vi at ho legg vekt på at ein må sjå moglegheitene og at "alt er mulig," noko som nettopp er eit av siktemåla med ungdomsbedrifter. Samstundes understrekar informanten også at det er viktig å lære seg nokre metodar i arbeidet med å starte opp ei verksemd. Dette er på mange måtar gjennomgangsmelodien i intervju; alle informantane understreka at det er viktig å lære seg nokre verktøy innan bedriftsetablering, slik som til dømes økonomistyring, bruk og utfylling av skjema og registrering.

I sitatet trer det òg fram eit anna interessant poeng, nemleg framhevinga av det meir lokale næringslivet ("Aloha Hemp" og "Moods"). Som regel er det nettopp dette ungdomane sjølve trekk fram som forklaring på kvifor ein i Stryn har eit meir positivt inntrykk av næringslivet enn i resten av fylket. Elevane nemner suksesshistorier om Aloha Hemp, Moods of Norway, Vest buscar og NK. Slike framstillingar står sentralt i alle intervju.

Blant informantane er det òg elevar som har vakse opp andre stadar i fylket enn Stryn. Desse nemner andre bedrifter, alt etter kvar dei kjem i frå. Det kan sjå ut til at dette er av stor betydning for korleis ungdomen vurderer fylket og bedriftene her som heilskap; ein forklarar det som regel utifrå heilt lokale faktorar. Likeeins er det slik at ein forklarar det utifrå interesser og eigne utdanningsplanar.

Det er likevel ikkje alle informantane som har ei like offensiv og positiv holdning til ungdomsbedrifter. Følgjande sitat er illustrerande på ein meir moderat innstilling til dette:

Gut, allmennfag: Eg har ikkje tenkt å starte eigen bedrift. Det har vært litt folk her om har starta ungdomsbedrift og sånn, men eg har liksom ikkje vært heilt, "oj oj og det her må eg drive med!" Har ikkje sett det heilt store potensialet i å tene pengar. Dei fleste har liksom starta opp, og så har det ikkje skjedd så mykje.

Intervjuar: Så du kunne ikkje tenkt deg det her?

Gut, allmennfag: Jo, det kunne jo hendt, viss eg hadde hatt tid til det. Men no som eg går tredjeåret med realfagsfordjuping så er det ikkje tid. Eg hadde kanskje hatt litt tid på fritida, men den er ganske dyrbar. Eg har nok å gjere.

Informantane som ikkje har delteke i ungdomsbedrifter, og som i utgangspunktet har ei meir negativ innstilling til arbeidet med dette, grunngjev det ofte med tid og manglande interesser, slik vi ser at informanten over gjer. I intervjuutdraget ser vi òg at økonomi blir trekt inn som forklaring ("har ikkje sett det heilt store potensialet i å tene pengar"). I tillegg nemner somme at det er stress, og at det er gjerne er uinteressante/keisame bedrifter som er starta opp. Mange

framhevar likevel at opplæringa i ungdomsbedrifter kan vere med på å senke terskelen for seinare bedriftsetablering

Likeeins verkar det som om det er skilnad frå fag til fag. Der ein på somme linjer får "tilbakebetalt" arbeid ein har gjort med ungdomsbedrifta, har andre fag ikkje denne praksisen, noko som medfører meir arbeidspress. Med dette siktar vi til at nokre elevar som driv ungdomsbedrift på fritida, får avspasering i somme praksisfag. Slike ordningar er likevel ikkje vanlege, til dømes på allmennfaga. Somme ser ikkje nytten av slik arbeid i det heile, utifrå eigen utdanning og framtidig yrke:

Gut, yrkesfag: Eg veit jo kva det er, men eg vil ikkje bruke fritida mi på ei ungdomsbedrift. Eg hørte jo det at det var noken som hadde skrelt poteter. Så viss eg skulle sitte heime ein heil dag å skrelle poteter...- det hadde eg ikkje gidda! Vi er no uansett ute å bygge to dagar i veka, så det er jo like bra.

På bakgrunn av djubdeintervjua og oppsplittinga av resultatane i spørjeskjemaundersøkinga, kan det sjå ut som om elevane ved Stryn vidaregåande skule har eit bevisst forhold til entreprenørskap. Elevane er generelt meir positive til næringslivet i fylket, samstundes som djubdeintervjua viser at elevane har god kontakt med, og innsikt i, den lokale arbeidsmarknaden. Intervjua synte òg at det seg at alle visste noko om, og hadde ei forståing av, kva som skal til for å etablere ei bedrift. Informantane var òg samstemte i at dette er viktig, spesielt for fylket i framtida. Intervjua viste såleis at det er ein bevisstheit rundt dette i ungdomsmiljøa i Stryn, sjølv om det er oppfatta på forskjellige måtar. Det er heller ikkje slik at alle har ein klar *entreprenørholdning*, men alle har tilsynelatande dei meir operasjonelle *entreprenørskapskunnskapane* på plass.<sup>14</sup> Sjølv om ikkje alle har delteke i ungdomsbedrifter og hatt direkte kontakt med Fyrtårnprosjektet er det tydeleg at diskusjonane rundt dette har forplanta seg i ungdomane.

Tendensen i intervjua er at elevane oppfattar næringslivet i fylket –og spesielt i Stryn– som blomstrande. Samstundes er det i dei fleste intervjua ambivalente kjensler overfor dette. Mange trekk nettopp fram eit blømande næringsliv, spennande arbeidsplassar og suksesshistorier når dei skal forklare kvifor respondentane frå Stryn generelt er positive til jobbane og næringslivet i fylket. Samstundes med dette har mange av informantane også ei førestelling av at (næringslivet i) fylket slit i motbakke, ofte oppsummert i utsegner om "synkande folketal," "liten vekst i turismen" og "trasigt fritidstilbod." Slike motstridande syn finst i dei fleste intervjua. Truleg heng dette også saman med korleis elevane opplever det å bu i Stryn. I det følgjande skal vi forsøke å grave djupare i dette, og sjå på korleis elevane ser på det å vekse opp og bu i Sogn og Fjordane.

## 5.2 Oppleving av å bu i Sogn og Fjordane

Talmaterialet frå breiddegranskinga viser at ungdom i Sogn og Fjordane i stor grad tykkjer miljøet i fylket er for "smått." Det som vidare er framheva som negativt med livet i Sogn og Fjordane er at det er "lite som skjer" og at det er "få fritidstilbod." Det ungdomen syns er best

---

<sup>14</sup> Ein vanleg inndeling av entreprenørskapskompetanse skil mellom personlege eigenskapar og kunnskap / ferdigheiter. Personlege eigenskapar er definert som å vere innovativ, sjølvstendig, kreativ, våge, prøve og feile, lære av andre og eigne feil, ta ansvar, sjå og utnytte muligheiter, ta konsekvenser av eigne val og handlingar, stole på seg sjølv, ha et bevisst forhold til risiko, samt å bygge opp og benytte nettverk. Kunnskap og ferdigheiter dreier seg i større grad om å lære eit håndtverk innan entreprenørskap (Rotefoss, Johnsen og Nyvoll 2005:7)



med å bu i fylket er ”fin natur,” ”nærleik til familie” og at ”det er trygt.” Ser vi på materialet frå Stryn vgs. finn vi ikkje vesentlege skilnader frå dette generelle biletet.

I djubdeintervjua med elevar ved Stryn vidaregåande skule var siktemålet å komme litt djupare inn i førestellingane om det å leve i Stryn. I intervjua vart difor elevane oppmoda om å seie litt om korleis det er å bu i Stryn som 17-18 åring; kva er bra og kva er ikkje bra? Dette vart stilt opp mot korleis elevane trudde livet i ein større by ville arte seg, og korleis dei trudde by-ungdomar vil vurdere det å bu i Stryn. Elevane hadde ein relativt tradisjonell oppfatning av tilhøvet mellom by og bygd. Karakteristikkane av Stryn som kom fram i djubdeintervjua harmonerer i stor grad med tradisjonelle og stiliserte klisjear om bygde-Noreg.

Under er oppfatningane av livet i Stryn kontra livet i ein større by oppsummert. Vi gjer merksam på at karakteristikkane er aktørane sine egne omgrep og sitat.

*Tabell 5.4 Skjematiske oversyn over korleis informantane opplever å bu i Stryn vs. ein by*

<b>Stryn - bygd</b>	<b>Oslo/Bergen –by</b>
Trygt og godt	Kriminalitet
Koseleg	Farlig
Oversikteleg	Kaotisk
Alle kjenner alle	Utsatte ungdomsmiljø
Ikkje det villaste fritidstilbodet	Større muligheiter
Ingen hensikt å henge ut kl.02 om natta	Meir rusmidlar og narkotika
Rykter og sladder	Større fridom
Mindre bråk	Skittent
Fin oppvekstplass	Uryddig
Mindre stress	Høgt tempo
Bondeland	
Kan ikkje handle klede	
Kjedeleg	

Ser vi på matrisa er det grunn til å merke seg at utsegnene om livet i Stryn ikkje (berre) er av positiv art. Livet i Stryn er framstilt som trygt, koseleg og oversiktleg. Kontrasten til dette opplever ungdommen at ein finn i ein by; farleg, kaotisk og med mange muligheiter. Dette kan òg i stor grad problematisere eit av resultata frå breddeundersøkinga, der tryggleik vart framheva som eit positivt aspekt ved Sogn og Fjordane. Samtalane med elevar ved Stryn vgs. syner at dette ikkje nødvendigvis er positivt. Men på same måte er det somme av dei negative aspekta ved det å bu i Sogn og Fjordane som kan fyllast med positivt innhald; til dømes er ”kjedeleg” og at det ”skjer lite” av somme informantar tolka positivt. Kjedeleg er til dømes stundom sett på som det same som ”lite stress.” Dette viser òg til det problematiske med slike eintydige inndelingar, fordi dei ofte har ulike tolkingar og forståingar.

Matrisa viser også at det ungdomane tilsynelatande har eit meir velutvikla vokabular for å skildre og vurdere livet i Sogn og Fjordane enn livet på ein større plass. Det verkar som om det er lettare å karakterisere seg sjølv enn andre. Særleg tydeleg ser vi dette når informantane skal vurdere heimstaden slik dei trur at by-ungdom ser på livet her. Ei typisk framstilling i så måte er;

”Dei trur sikkert det er bondeland, der alle køyre traktor og drikke mjølk rett frå kua. I alle fall dei som bur i Oslo” Jente yrkesfag.

Slike sitat er typiske, og dei er på mange måtar med på å befeste ei myte om livet utanfor dei større byane. Sjølv om slike myter ikkje treng vere sanne, vert dei gjenskapt i intervju med elevane. Det er òg grunn til å tru at dette har konsekvensar for ungdommen i fylket sine framtidsplanar. Det er vidare stor grad av konsistens i desse førestellingane; dei fleste informantane formidlar slike myter om Sogn og Fjordane. Det skal likevel leggast til at det finst motstridande oppfatningar kring nokre av punkta. Kanskje særleg gjeld dette opplevinga av fritidstilbodet i Stryn. Her ser vi at somme framhevar det som rikt og omfattande, medan andre meiner det er lite og keisamt. Eit sitat er frå intervju er illustrerande:

”Det spørst ka du gjer det til sjølv. Du kan jo sitte på hybelen heile veka og dasse, eller du kan komme deg ut å trene og spele fotball og treffe folk, liksom. Det er opp til kva du gjer det til sjølv. Det er alt etter om du brukar dei tilboda som er, eller om du berre sit der og ventar på at det skjer noko. Og slik er det jo i ein by og, du må ut å finne eit tilbud, du kan jo ikkje sitte heime å vente på at nokon skal komme å dra deg med ut.” Gut yrkesfag

Det ligg såleis ein eksplisitt ambivalens i materialet. Stryn vert framstilt som ein keisam og litt traurig plass. Likevel er det slik at ungdommen i stor grad trivst, noko både djubdeintervju og spørjeskjemaundersøkinga avslører. Under skal vi presentere eit sitat som på interessant vis illustrerer ein slik ambivalens. Her fortel informanten om sladder og rykter, noko ho opplever som eit hinder. Likevel, i neste setning, blir dette snudd opp-ned;

”Men det er jo det at alle kjenner alle, og da blir det sladder og. Du kan faktisk ikkje gjere noko ei helg utan at nokon veit det dagen etter. *Det er litt trist. Men eg syns det er kjempefint*, og vil i alle fall at mine ungar skal vekse opp her i alle fall. Fordi du har det ikkje på samme måte som i byen, fordi du kan liksom la ungen din tørre å springe ut og leike når han er ti år, utan å vere redd for at han skal bli drept, eller kidnappa, eller. Og skogen, og lære dei opp til å bli glad i naturen, og gå på epleslang og ... ja mange ting.” Jente, allmennfag, mi utheving.

Sitatet eksemplifiserer ein ambivalens knytt til livet i Stryn, som kjem til uttrykk i dei fleste intervju. Dette er i tråd med forskning på dette temaet i Noreg. Ein morosam parallell finn vi i Gry Paulgaard (2001) si avhandling; der ho siterer ein av informantane: ”vi bor på en dritt plass, men æ trives!”

Intervjuutdraget frå Stryn understrekar samstundes òg ein del andre tendensar ved Ungdomsbarometeret; nemleg poengteringa av sladder som eit negativt aspekt ved det å bu og vekse opp i fylket, samt tryggleik som eit positivt aspekt ved fylket. Her ser vi at tryggleik er framstilt som fråvær av vald. Likeeins framhevar informanten natur som eit viktig og positivt element, noko som vi òg hugsar var vesentleg i breddeundersøkinga.

## 6.0 Oppsummering

Dei ulike deloppsummeringane i rapporten så langt har i stor grad stadfesta mønsteret frå fjorårets Ungdomsbarometer. Dette viser for det første at det er ein viss grad av konsistens i holdningane blant ungdommen i fylket, samstundes som det òg viser at spørsmåla i undersøkinga har blitt oppfatta likt av respondentane. I den grad vi kan peike på tendensar i

høve til i fjor, går dette i retning av at ungdom legg for dagen eit meir positivt syn på livet i Sogn og Fjordane generelt, og næringslivet i fylket spesielt. Dette har gjeve seg utslag på fleire variablar. Tydlegast ser vi det på holdningane til bedrifter ungdom kjenner i Sogn og Fjordane, og på spørsmål om dei kan tenkje seg å bu i fylket i framtida.

Det kan sjølvsagt vere ei rekkje årsaker til denne utviklinga. Tala kan reflektere ein generell optimisme i fylket og høgkonjunkturen i norsk økonomi, men vi kan heller ikkje sjå vekk frå at haldningskampanjar -som til dømes Furore- kan ha bidrege til å gje ungdom i fylket eit meir optimistisk bilete av Sogn og Fjordane. Likeeins viser undersøkinga at informasjon er viktig, noko ungdomen sjølv understreka i djubdeintervjua.

Som i fjor ser vi at kjønn og studieretning har ein viss betydning for korleis ungdomane svarar på dei ulike spørsmåla. Framleis er det slik at gutar på yrkesretta fag har ei meir positiv haldning til fylket enn dei andre gruppene. Og framleis ønskjer jenter i større grad å studere "mjuke" fag, medan gutane ønskjer å studere teknikk, økonomi, administrasjon og naturvitskap. Der desse skilnadene kjem tydelegast til uttrykk er likevel innanfor årets tema; reise og internasjonalisering. Her ser vi klart at jenter i større grad enn gutar ser føre seg å bu i utlandet. Vidare er det slik at elevar på studieførebuande fag reiser meir enn elevar på yrkesretta fag. Særleg tydeleg er dette skiljet mellom gutar yrkesfag og dei andre gruppene. Jentene på yrkesfag ønskjer i (nesten) like stor grad som elevar på allmenne fag å bu ei tid utanlands. Dette problematiserer ein del av forskinga på dette området, slik som til dømes Eli Fosso (2003). Vi hugsar at ho etablerte eit klart skilje mellom yrkes- og allmennfag. Resultata frå Ungdomsbarometeret tydar snarare på at dette er eit kjønnskilje. Tala frå spørjeskjemaundersøkinga viser at mange av elevane på yrkesfag kan tenkje seg å dra ut, særleg gjeld dette jentene. Dette kan vi illustrere med sitat frå casestudien av Stryn vidaregåande skule. Ei av jentene som vart intervjua der, seier det slik:

"Eg kjem til å flytte tilbake. Mange av venninnene mine har lyst til å flytte tilbake, men dei har i alle fall lyst til ut å oppleve verda først. Oppleve noko anna enn berre Stryn, det trur eg er veldig viktig. Reise litt, og prøve noko større" Jente, yrkesfag

Slike utsegner illustrerer resultata frå spørjegranskinga i stor grad. Jentene i undersøkinga svara i at dei kan tenkje seg å bu eller studere i utlandet. Sett i lys av oppslag i media denne hausten om at ungdom frå Sogn og Fjordane reiser mindre på utveksling enn ungdom frå andre stadar i Noreg, kan vi konkludere med at det ikkje står på lysta. Her er det likevel skilnad på gruppene i undersøkinga. Gutar på yrkesretta fag er dei som i minst grad kan tenkje seg å bu utanlands. Utifrå spørjegranskinga kan det verke som om følgjande sitat er typisk for denne gruppa:

"For meg er det ikkje noko stort behov om at eg må flytte, liksom. Eg lika meg no ganske godt her. Men det er kjekt å sjå andre plassar òg. Å oppleve litt ting. Det er jo mange som pratar om det, da, at når dei er ferdig på skule så skal dei fære ut og reise og komme meg vekk herifrå. Sånn er ikkje eg. Eg har liksom aldri hatt den instillinga" Gut yrkesfag

I år har vi også fokusert spesielt på entreprenørskap, der blikket særleg har vore retta mot Stryn vidaregåande skule. Her er det fleire spennande dimensjonar: Av det generelle biletet ser vi for det første at det er ein auke i andelen som har teke del i ungdoms- og elevbedrifter, samanlikna med Ungdomsbarometeret 2004. Denne auken er på 12 prosentpoeng. For det

andre syner det seg at om lag 40 prosent av ungdomane i undersøkinga svarar at dei kan tenkje seg å starte eiga bedrift. Dette er òg ein auke i høve til fjoråret.

Framleis er det likevel ei utbreidd oppfatning av at primærnæringane jordbruk, skogbruk og fiske er dei viktigaste kjeldene til sysselsetting i fylket. Vidare er det svært få som ønskjer å jobbe i denne sektoren i framtida. Dette er på mange måtar eit vesentleg problem. Dette spelar på at ungdom har heilt andre framtidsplanar enn det dei meiner er realisert i næringsstrukturen i fylket. Djubdeintervjua tydar vidare på at ungdom har eit ambivalent forhold til det å bu i Stryn. Informantane gjenskapte på mange måtar ei rekkje grunnleggande myter om det å bu i på ein mindre stad. Det er òg grunn til å tru at dette har konsekvensar for framtidsplanane til ungdomane i fylket. Stryn vert framstilt som ein keisam og litt traurig plass. Likevel er det slik at ungdomen i stor grad trivst og kan tenkje seg å bu her, noko både djubdeintervjua og spørjeskjemaundersøking avslører. Dette illustrerer òg på mange måtar at ungdom analyserer seg sjølv og staden dei bur med eit medieskapt *blikk*. I dette blikket er Sogn og Fjordane smått, kjedeleg og bondsk. Å gjere noko med dette er ei stor utfordring - ikkje berre for Sparebanken Sogn og Fjordane, Innovasjon Noreg og Furore-satsinga.

Tala som omhandlar ungdom i fylket sitt perspektiv på framtida er likevel positiv lesing sett i eit Sogn og Fjordane-perspektiv. Halvparten av ungdommane trur fylket vil utvikle seg i positiv lei, medan dei som trur det motsette utgjør 22 prosent av respondentane. I motsetnad til i fjor kan ein *ikkje* seie at det er store forskjellar mellom studieretning eller kjønn når det gjeld nett dette spørsmålet. Svarmønstra på spørsmål om elevane vil utdanne seg for jobb i Sogn og Fjordane er òg positivt: 56 prosent av gutane på yrkesretta fag ønskjer dette, mens det for gutane på allmenne fag er om lag 24 prosent. Tilsvarande tal for jentene er på yrkesretta fag er 36 prosent og for allmennfagsjenter er andelen 20 prosent. Resultata frå ungdomsbarometeret syner vidare at ungdom i fylket ikkje er framande for å bu i Sogn og Fjordane i framtida. Heile 65 prosent av elevane svara at dei "har lyst til å bu her," eller "har lyst til å bu her, men først om nokre år." Her er det òg interessant å merke seg at andelen som svarar at dei ikkje vil bu i Sogn og Fjordane er låg for alle grupper av respondentar.

## 7.0 Litteratur

Arnestad, Georg og Nesse, Jon Gunnar (2005) "På botnen av etableringsstatistikken." I *Firda* 16.11.05

Brendehaug, Eivind og Fløtre, Thor Andre (2003) *Innovasjon og entreprenørskap i Sogn og Fjordane: virkemiddel og analyse av to etableringar*. Vestlandsforskning: Notat 06/2003

Båtevik, Finn Ove og Olsen, Grethe Mattland (1996) *Utdanningsval og arbeidskraftsbehov: Ein studie av ungdom sine utdanningsval og etterspurnad etter arbeidskraft i Sogn og Fjordane i 1990-åra*. Høgskulen i Volda/Møreforskning: Arbeidsrapport nr.34

Dræge, Martin og Johansen, Thor Erik (1997) *Ungdomsundersøkinga i Sogn og Fjordane 1997: Kva meiner ungdomen? Ei undersøking av ungdom under utdanning si vurdering av Sogn og Fjordane som stad å bu, og som stad for etablering etter endt utdanning*. Norsk Gallup Institutt

Florida, Richard (2002) *The Rise of the Creative Class and how it's Transforming Work, Leisure, Community and Everyday Life*. New York: Basic Books

Fløtre, Thor Andre (2004) *Ungdomsbarometer for Sogn og Fjordane*. Vestlandsforsking: Notat 11/04

Fosso, Eli Jeanette (2003) "Understanding young people's Migration Practices – the Significance of Social Spatialisation and Identity Production." I *Geografi i Bergen* nr: 257. Bergen: Institutt for geografi, UiB.

Hellevik, Ottar (1999) *Forskningsmetode i sosiologi og statsvitenskap*. Oslo: Universitetsforlaget

Høyer, Karl Georg (2004) *Distriktpolitikk og utvikling i Sogn og Fjordane: To innleiingar, ti teser og ein epilog om utvikling og framtid i eit distriktsfylke*. Vestlandsforsking: notat 14/2004

Nesse, Jon Gunnar (2004) *Er det håp for Hydroland?* HSF: Notat 9/03

Nordbakke, Susanne og Ruud, Alberte (2005) Ungdom og transportmiddelbruk. En sammenfatning av undersøkelser i Norden. TØI rapport 760-2005

Paulgaard, Gry (2001) *Ungdom, lokalitet og modernitet. Om kulturbrytninger og Identitetsutforming i et kystsamfunn nordpå*. Institutt for pedagogikk, Universitetet i Tromsø

Rotefoss, Beate, Johnsen, Maiken og Nyvoll, Carl Erik (2005) *Entreprenørskapskompetanse i den norske skolen*. Kunnskapsparken i Bodø: rapport nr.1-2005

Villa, Mariann (1999) "Bygda – sosial konstruksjon av 'trygt og godt.'" I *Sosiologi i dag*, årgang 29, nr.4 Oslo: Novus

#### **Andre kjelder:**

"Se mulighetene og gjør noe med dem! – Strategi of entreprenørskap i utdanningen." (2004), Nærings- og handelsdepartementet. Strategiplan. Utdannings- og forskningsdepartementet, Kommunal- og regionaldepartementet.

"Flest bystudentar reiser utanlands" i *Nationen* 20.09.05

"Entreprenørskap i opplæring og utdanning." (1997), Kirke-, utdannings- og forskningsdepartementet.

"Vegen vidare for Sogn og Fjordane" (2004), Sogn og Fjordane fylkeskommune.

"Fylkedelplan for ungdom" (1998), Sogn og Fjordane fylkeskommune.

"Stryn som 'Fyrtårn' i eit utdanningssystem som skapar entreprenørar og gjev innsikt i lokale moglegheiter" (2003) Arbeidsgruppenotat.

## Vedlegg I: Tabellar

Resultata er framstilte i faktiske tal (n)

		Allmenne fag		Yrkesretta fag	
		Jenter	Gutar	Jenter	Gutar
Har du vore med på elevbedrift eller ungdomsbedrift?	Ja	74	49	56	87
	Nei	125	98	109	106
Total		199	147	165	193

		Allmenne fag		Yrkesretta fag	
		Jenter	Gutar	Jenter	Gutar
Kan du tenkje deg å etablere bedrift?	Ja	61	68	75	83
	Nei	21	16	15	16
	Kanskje	117	63	75	94
Total		199	147	165	193

		Allmenne fag		Yrkesretta fag	
		Jenter	Gutar	Jenter	Gutar
Kva er viktigaste grunnen til at du kunne tenkje deg å starte ei bedrift?	Eg trur det er spanande og gjev mykje frie	18	16	19	18
	Eg vil skape noko sjølv	30	27	44	32
	Eg vil tene masse pengar	8	19	5	15
	Eg har ein god idé om eit produkt som mår	5	2	4	10
	Andre grunnar	0	4	3	8
Total		61	68	75	83

		Allmenne fag		Yrkesretta fag	
		Jenter	Gutar	Jenter	Gutar
Kva er viktigaste grunnen til at du ikkje kunne tenkje deg å starte ei bedrift?	Eg har ingen god idé om kva bedrifta skal lage	2	3	1	4
	Eg trur det er vanskeleg og mykje slit å starte bed	3	4	4	5
	Eg er redd for å mislykkast og gå konkurs	3	2	0	4
	Det passar ikkje med utdanninga eg planlegg å ta	11	2	7	1
	Andre grunnar	2	5	3	2
Total		21	16	15	16

		Almenne fag		Yrkesretta fag	
		jente	gut	jente	gut
Kva er viktigaste grunnen til du er usikker på om du vil starte ei bedrift?	Eg veit for lite om det å starte bedrift	19	15	14	17
	Eg har ikkje tenkt på slike ting	29	17	16	32
	Eg trur det er vanskeleg og mykje slit å starte	31	13	24	16
	eg er redd for å mislykkast og gå konkurs	27	7	7	17
	andre grunnar	11	11	14	12
Total		117	63	75	94

		Almenne fag		Yrkesretta fag	
		jente	gut	jente	gut
Om du skal starte ei bedrift, vil du at den skal ligge i Sogn og Fjordane?	ja	54	39	63	110
	nei	33	22	25	18
	veit ikkje	91	70	62	49
Total		178	131	150	177

		Almenne fag		Yrkesretta fag	
		jente	gut	jente	gut
Tenk på ei bedrift du kjenner i fylket. Kva meiner du om denne bedrifta? Kjedeleg - Spannande	1	12	7	5	5
	2	17	17	13	9
	3	79	48	60	54
	4	37	42	41	60
	5	54	33	46	65
Total		199	147	165	193

		Almenne fag		Yrkesretta fag	
		jente	gut	jente	gut
Tenk på ei bedrift du kjenner i fylket. Kva meiner du om denne bedrifta? Tradisjonell - Framtidsretta	1	13	18	9	11
	2	18	14	20	21
	3	75	58	62	60
	4	45	31	36	47
	5	48	26	38	54
Total		199	147	165	193

		Almenne fag		Yrkesretta fag	
		jente	gut	jente	gut
Trur du nokon av desse er laga av bedrifter i Sogn og Fjordane?	plagget er frå sogn og fjordane	170	113	124	126
	plagget er ikkje frå sogn og fjordane	29	34	41	67
Total		199	147	165	193

		Almenne fag		Yrkesretta fag	
		jente	gut	jente	gut
Trur du nokon av desse er laga av bedrifter i Sogn og Fjordane?	plagget er frå sogn og fjordane	155	108	87	115
	plagget er ikkje frå sogn og fjordane	44	39	78	78
Total		199	147	165	193

		Almenne fag		Yrkesretta fag	
		jente	gut	jente	gut
Kunne du tenkje deg å starte ei slik bedrift?	ja	109	67	68	62
	nei	35	52	39	103
	nei, men eg kunne godt tenkt meg å jobbe i ei slik bedrift	55	28	58	28
Total		199	147	165	193

		Almenne fag		Yrkesretta fag	
		jente	gut	jente	gut
Kor mange rundballar trur du dei har laga i alt?	10000	6	9	8	8
	20000	18	26	20	30
	50000	61	38	53	42
	over 100000	114	74	84	113
Total		199	147	165	193

		Almenne fag		Yrkesretta fag	
		jente	gut	jente	gut
<i>Veit du kva slags jobbar vi har mest av i Sogn og Fjordane?</i>					
Jordbruk, Skogbruk og Fiske	1	124	90	128	121
Utvinning av råolje og naturgass	1	12	12	21	13
Industriproduksjon og bergerksdrift	1	59	54	47	80
Kraft og vassforsyning	1	53	40	61	78
Bygge- og anleggsverksemd	1	60	40	69	72
Varehandel, hotell- og restaurantverksen	1	100	75	52	65
Transport og kommunikasjon	1	72	47	60	79
Finansiell tenesteyting	1	7	11	4	6
Forretningsmessig tenesteyting	1	16	6	7	9
Offentleg forvaltning og anna tenesteytin	1	94	66	46	56

		Almenne fag		Yrkesretta fag	
		jente	gut	jente	gut
<i>Kva bransje kunne du tenkje deg å jobbe i, eller starte bedrift i?</i>					
Jordbruk, skogbruk og fiske		8	5	16	21
Utvinning av råolje og naturgass		3	6	6	23
Indutriproduksjon og bergverksdrift		11	19	10	27
Kraft- og vassforsyning		2	7	1	12
Bygge og anleggsverksemd		5	6	1	46
Varhandel, hotell og restaurantverksemd		70	30	72	21
Transport og kommunikasjon		10	18	11	28
Finansiell tjenestyting		5	12	3	0
Forretningsmessig tjenestyting		29	24	5	1
Offentlig forvaltning og anna tjenestyting		54	19	39	11

		Almenne fag		Yrkesretta fag	
		jente	gut	jente	gut
Kunne du tenkje deg å jobbe i sogn og fjordane	ja, eg vil prøve å få meg jobb her i fylk	53	36	76	120
	kanskje, men ikkje før om nokre år	89	65	58	37
	nei, aldri	13	12	11	7
	veit ikkje	44	34	20	29
Total		199	147	165	193



<i>Kryss av for dei tre tinga du meiner er viktigst med ein jobb</i>		Almenne fag		Yrkesretta fag	
		jente	gut	jente	gut
spanande utfordringar	1	139	90	102	109
kunne reise mykje	1	35	19	16	9
høg løn	1	79	80	62	90
hyggeleg sjef	1	13	11	20	36
gode medarbeidarar	1	80	59	93	118
behageleg arbeidstid	1	28	21	29	30
godt sosialt miljø	1	111	83	89	105
gjere noko eg er flink til	1	103	63	72	63
andre ting	1	2	8	2	1

		Almenne fag		Yrkesretta fag	
		jente	gut	jente	gut
Trur du jobbane i Sogn og Fjordane er betre eller dårlegare enn andre stadar?	Betre betalt	25	15	14	26
	Like	97	77	86	86
	Dårlegare betalt	77	55	65	81
Total		199	147	165	193

		Almenne fag		Yrkesretta fag	
		jente	gut	jente	gut
Trur du jobbane i Sogn og Fjordane er betre eller dårlegare enn andre stadar?	Artigare	36	33	42	79
	Like	121	82	91	96
	Kjedelegare	42	32	32	18
Total		199	147	165	193

		Almenne fag		Yrkesretta fag	
		jente	gut	jente	gut
Trur du jobbane i Sogn og Fjordane er betre eller dårlegare enn andre stadar?	mindre stressande	95	79	86	109
	like	86	60	67	67
	meir stressande	18	8	12	17
Total		199	147	165	193

		Almenne fag		Yrkesretta fag	
		jente	gut	jente	gut
Korleis trur du Sogn og Fjordane vil utvikle seg?	Positivt	95	72	88	95
	Negativt	43	34	31	46
	Fortsette å vere som no	33	32	21	38
	Veit ikkje	28	9	25	14
Total		199	147	165	193

Korleis får du vite om ting som skjer i Sogn og Fjordane?		Almenne fag		Yrkesretta fag	
		jente	gut	jente	gut
Eg les lokalavisa	ofte	138	99	93	109
	av og til	48	36	59	71
	sjeldan	13	12	13	13
Eg høyrer på NRK Sogn og Fjordane	ofte	34	25	19	32
	av og til	65	54	58	90
	sjeldan	100	68	88	71
Eg ser ting på TV	ofte	49	34	53	71
	av og til	100	77	85	90
	sjeldan	50	36	27	32
Eg les om fylket på Internet	ofte	38	33	19	52
	av og til	84	65	75	86
	sjeldan	77	49	71	55
Eg høyrer på når foreldre og andre snakkar	ofte	107	51	88	86
	av og til	76	78	69	90
	sjeldan	16	18	8	17
Eg diskuterer ting som skjer i fylket med vener	ofte	57	41	36	50
	av og til	113	68	78	110
	sjeldan	29	38	51	33

		Almenne fag		Yrkesretta fag	
		jente	gut	jente	gut
Ei bedrift i fylket har David Beckham på kundelista si! Kan du gjette kva dei produserer?	Fotballsko	61	30	72	46
	Fotballdrakter	81	63	57	93
	Shampo	57	54	36	54
Total		199	147	165	193

		Almenne fag		Yrkesretta fag	
		jente	gut	jente	gut
Kva planar har du for vidare utdanning?	Eg vil ta fagbrev	3	2	45	95
	Eg vil ta påbyggingsår og høgare utdanning	16	8	69	37
	Eg vil ikkje gå meir på skule	1	1	2	3
	Eg har ikkje bestemt meg endå	3	9	27	23
	Eg vil ta høgare utdanning	135	95	13	13
	Eg vil ikkje gå meir på skule	5	5	2	11
	Eg har ikkje bestemt meg endå	36	27	7	11
Total		199	147	165	193

		Almenne fag		Yrkesretta fag	
		jente	gut	jente	gut
Kor mange år vil du bruke på utdanning?	Bachelor, 3 år	28	15	13	9
	Mastergrad, 4-5 år	71	54	30	17
	Doktorgrad, 8-10 år	10	6	7	7
	Veit ikkje	42	28	32	17
Total		151	103	82	50

		Almenne fag		Yrkesretta fag	
		jente	gut	jente	gut
Kva fag vil du studere	humanistiske og estetiske fag	21	8	10	3
	lærerutdanningar og utdanningar i pedagogikk	11	8	10	1
	Samfunnsfag og juridiske fag	15	6	2	2
	Økonomiske og administrative fag	15	20	2	0
	Naturvitskaplege fag, handverksfag og tekniske fag	10	19	3	19
	Helse, sosial og idrettsfag	27	7	20	2
	Primærnæringsfag	2	0	1	0
	Andre fagfelt	17	9	10	12
	Har ikkje bestemt meg endå	31	24	20	10
Må sjå kva eg kjem inn på	2	2	4	1	
<b>Total</b>		<b>151</b>	<b>103</b>	<b>82</b>	<b>50</b>

		Almenne fag		Yrkesretta fag	
		jente	gut	jente	gut
Kvifor er du usikker på kva du skal gjere etter vidaregåande?	Eg klarar ikkje bestemme meg	19	20	17	14
	Eg har ikkje tenkt så mykje på det endå	5	5	4	8
	Eg vil sjå kva andre vener vel	0	1	0	1
	Eg har ikkje fått nok informasjon	11	3	3	5
	Andre grunnar	4	7	10	6
<b>Total</b>		<b>39</b>	<b>36</b>	<b>34</b>	<b>34</b>

		Almenne fag		Yrkesretta fag	
		jente	gut	jente	gut
Kven høyrer du på når du skal velje utdanning?	Foreldre	26	25	25	36
	Vener	11	15	4	15
	Rådgjevarar på skulen	9	14	13	23
	Media	4	8	6	11
	Ingen av delene	149	85	117	108
<b>Total</b>		<b>199</b>	<b>147</b>	<b>165</b>	<b>193</b>

		Almenne fag		Yrkesretta fag	
		jente	gut	jente	gut
Kor mange nasjonalitetar trur du vegard har innom bedrifta si i året?	10	6	8	12	9
	40	118	82	118	112
	80	75	57	35	72
<b>Total</b>		<b>199</b>	<b>147</b>	<b>165</b>	<b>193</b>

		Almenne fag		Yrkesretta fag	
		jente	gut	jente	gut
Tenkjer du på om dine framtidsplanar passar til jobbar i Sogn og Fjordane	Ja, eg vil prøve å utdanne meg slik at eg kan få jobb i fylk	49	36	60	109
	Nei, eg vel det eg har lyst til	125	85	95	67
	Eg veit egentlig ikkje kva jobbar vi har i fylk	25	26	10	17
<b>Total</b>		<b>199</b>	<b>147</b>	<b>165</b>	<b>193</b>

		Almenne fag		Yrkesretta fag	
		jente	gut	jente	gut
Kva meiner du om å busetje deg i Sogn og Fjordane?	Eg har lyst til å bu her	41	36	59	106
	Eg har ikkje lyst å bu her	29	18	19	12
	Eg har lyst til å bu her, men ikkje før om nokr	83	55	49	28
	Trur det er same kvar eg bur	15	18	16	27
	Veit ikkje	31	20	22	20
Total		199	147	165	193

		Almenne fag		Yrkesretta fag	
		jente	gut	jente	gut
At eg får arbeid	1	168	126	139	168
At det er gode bustadtilbod	1	18	27	22	36
At eg har vener og familie i nærleiken	1	89	57	76	81
At det er gode oppvekstvilkår for barn	1	60	39	54	46
At eg bur i nærleiken av servicetilbode	1	29	17	18	26
At eg har kort veg til naturen	1	26	12	12	17
Anna	1	8	16	9	12

		Almenne fag		Yrkesretta fag	
		jente	gut	jente	gut
Lite som skjer	1	123	89	94	97
Få folk	1	33	22	14	44
Få fritidstilbod å velje mellom	1	75	61	63	69
Føler meg einsam	1	5	9	8	12
Lange avstandar til sentruma	1	43	40	42	72
Det er mykje sladder	1	71	27	64	51
Det er vanskeleg å vere seg sjølv	1	21	16	18	10
Det er kjedeleg	1	27	30	27	31

		Almenne fag		Yrkesretta fag	
		jente	gut	jente	gut
Fin natur	1	86	74	74	91
Mange gode fritidstilbod	1	7	9	6	19
Er nær familien	1	76	39	80	63
Har mange vener	1	97	63	68	79
Her er trygt	1	68	58	43	50
Mykje å drive med på fritida	1	9	12	8	28
Det er triveleg	1	39	26	31	36
Det er lett å vere meg sjølv	1	16	13	20	20

		Almenne fag		Yrkesretta fag	
		jente	gut	jente	gut
Samd eller usamd i at det er betre for born og unge å vekse opp i Sogn og Fjordane?	samd	143	113	156	170
	litt samd	29	17	4	7
	verken samd eller usamd	19	13	4	10
	litt usamd	4	2	0	2
	usamd	3	2	1	4
Total		198	147	165	193

		Almenne fag		Yrkesretta fag	
		jente	gut	jente	gut
Samd eller usamd i at miljøet i Sogn og Fjordane er for smått for meg?	Einig	114	91	154	149
	Litt einig	22	20	2	10
	Verken einig eller ueinig	28	18	3	16
	litt ueinig	17	10	3	5
	ueinig	16	7	2	11
Total		197	146	164	191

		Almenne fag		Yrkesretta fag	
		jente	gut	jente	gut
Kan du tenkje deg eitt år som utvekslingselev i utlandet?	Ja	143	85	116	71
	nei	25	30	20	82
	veit ikkje	31	32	29	40
Total		199	147	165	193

		Almenne fag		Yrkesretta fag	
		jente	gut	jente	gut
Kan du tenkje deg eitt år som utvekslingselev i utlandet?	Ja	143	85	116	71
	nei	25	30	20	82
	veit ikkje	31	32	29	40
Total		199	147	165	193

		Almenne fag		Yrkesretta fag	
		jente	gut	jente	gut
Har du føreteke reiser på over 100km eller reiser til utlandet i løpet av første halvår	nei	48	29	68	96
	ja, ei reis	71	55	55	46
	ja, to reiser	39	23	15	15
	Ja, tre reiser	19	14	11	11
	Ja, fleire enn fire reiser	22	26	16	25
Total		199	147	165	193

		Almenne fag		Yrkesretta fag	
		jente	gut	jente	gut
Kva var føremålet med reisa	Fritidsaktivitet	14	18	7	14
	Feriereise	99	55	59	41
	Skule	26	27	7	20
	Handel	4	3	3	5
	Anna	8	15	21	17
Total		151	118	97	97

		Almenne fag		Yrkesretta fag	
		jente	gut	jente	gut
Kva var hovudtransportmiddelet?	fly	103	65	48	35
	tog	1	9	0	0
	bil	23	21	26	35
	buss	23	19	17	17
	båt	1	3	3	7
	anna	0	1	3	3
Total		151	118	97	97

		Almenne fag		Yrkesretta fag	
		jente	gut	jente	gut
Har du førarkort for bil, eller planlegg du å ta førarkort i løpet av dei to neste åra?	Eg har førarkort	92	70	20	42
	Eg har planar om å ta førarkort dei neste to åra	97	70	132	146
	Eg er ikkje interessert i å ta førarkort	3	4	4	3
	Veit ikkje	7	3	9	2
Total		199	147	165	193

		Almenne fag		Yrkesretta fag	
		jente	gut	jente	gut
Kan du ein gong i framtida tenkje deg å bu i utlandet?	Ja	114	77	83	66
	Nei	32	22	32	78
	Veit ikkje	53	48	50	49
Total		199	147	165	193

		Almenne fag		Yrkesretta fag	
		jente	gut	jente	gut
Kvar vil du helst bu?	Sogn og Fjordane	74	49	69	116
	Oslo	10	4	6	5
	Bergen	50	40	32	23
	Trondheim	10	1	6	6
	Ein annan by i Noreg	18	14	10	17
	Ein annan stad i Noreg (ikkje by)	8	7	13	10
	Andre land i Europa	15	14	12	7
	Andre land i verda	14	18	17	9
Total		199	147	165	193

## Vedlegg II: Brev til skulane



Rektorane i dei vidaregåande skulane

### **Ungdomsbarometeret Furore – vi treng dykkar hjelp!**

I november i fjor gjennomførde Sparebanken Sogn og Fjordane og Innovasjon Norge ei spørjeundersøking i den vidaregåande skulen, og resultatet av denne vart presentert i ungdomsmagasinet Furore. Då var fylkeskommunen v/ opplæringsavdelinga med som "dørøpnar" inn mot skulane. Vi gjennomfører ei ny spørjeundersøking i år, og denne gongen er fylkeskommunen representert i styringsgruppa som har ansvar for prosjektet. Vestlandsforskning har ansvaret for gjennomføring av sjølve undersøkinga.

Gjennomføringa vil skje i veke 44, og målgruppa er elevane i VKII på allmennfagleg studieretning og elevane i VKI på yrkesfag. Undersøkinga er internettbasert, og vil vere ein kombinasjon av reine spørsmål krydra med litt "faktainformasjon" undervegs. På denne måten vil undersøkinga vere meir fengande og også gi noko tilbake til ungdommane. Vi vil sende ut brev med internettdresse og passord når det nærmar seg.

Tema som blir tatt opp i årets utgåve av spørjeundersøkinga er:

- Kva er ein spennande jobb? Kva bransje er det som fengjer?
- Om etablering av eiga bedrift, korleis ser dei unge på dette?
- Om internasjonalisering, kva kunnskap har dei unge om den internasjonale marknaden og moglegheitene for utveksling?

Dei to første tema vil utgjere spørsmål vi tek igjen frå undersøkinga i fjor. På denne måten kan vi kanskje sjå om det er endringar frå holdningane i fjor. Internasjonalisering er hovudtemaet vi har valt i år. Vi ønskjer òg å gjennomføre ein djupare studie av ungdommar i ein utvalt skule, basert på oppsøkande intervju. Dette vil kunne hjelpe oss å få breiare innsikt i ungdom sine val, og skape grunnlag for å forstå korleis ungdom tenkjer, og vere eit supplement til spørjeundersøkinga.

For å få best mogleg oppslutning om undersøkinga, vil det bli to former for premiering:

- kr 1000,- til 5 uttrekte elevar som har svart på undersøkinga
- kr 15000,- til den skulen som har høgst svarprosent (loddtrekking ved evt likskap)

Svara frå undersøkinga og konklusjonane vi kan dra av desse, blir presentert i ei ny utgåve av Furore, som er magasinutgåva av ungdomsbarometeret.

Kontaktpersonar for Furore er:

**Fylkeskommunen:** Knut Grinde - 57 65 62 17 - knut.grinde@sf-f.kommune.no

**Innovasjon Norge:** Hjørdis Vik - 57 82 57 57 - hjordis.vik@invanor.no

**Sparebanken Sogn og Fjordane:** Edle Gjøyen - 57 82 96 35 - edle.iren.gjoen@fylkesbanken.no

Med helsing

Bekka Skaasheim  
Longvastøl

Arvid Andenæs

Siw Heggedal

## Vedlegg III: Intervjuguide

### Bakgrunnsinformasjon

-kjønn

-alder

-heimstad

-studieretning

-ungdomsbedrift

-Fortelje om seg sjølv -interesser?

-planar for evt. vidare utdanninga?

-flytteplanar i nær/fjern framtid?

-Er det viktig for deg å oppleve andre plassar, evt kvifor (utdanning, oppleving)?

-Kvifor valgte du som du gjorde i 10 klasse? Angarar du? / Stemte det til forventningane?

-Kva er viktig for deg når du planleg vidare utdanning?

-plassen du skal studere

-faget?

-arbeid i framtida?

-Kven meiner dei påverkar utdanningsval?

-Er skulen flinke på dette punktet?

-Bestemmer du sjølv, eller er det andre?

Kva tykkjer du om å gjere desse vala?

-Har de venner som de vil karakterisere som like/ulike som dykk? Kvifor

-Kan du beskrive yrkis /almennfag i forhold til dykkar? Er de mykje saman med dei? Er det eit skilje her?

### Tankar om Sogn og Fjordane

Kva syns du om Stryn?

Kva er det beste med å bu i stryn?

Og det verste?

Er det nokon plassar de absolutt ikkje kunne tenkt å bu?

Fordeler ved å bu i bygda

Fordeler ved å bu i by

Korleis trur du ein på din alder som er busett i ein by, vil sjå på livet her i Stryn?



Har du gjort deg tankar om korleis utdanninga di passar med ei framtid i Sogn og Fjordane?  
Eller er slike val heilt frikopla slike planar?

Kva er viktig når ein skal busetje seg ein plass?

Er det aktuelt å bu i Sogn og Fjordane etter at du er ferdig med evt. utdanning?

-Sogn og Fjordane er trygt: kva ligg i det? –familie i nærleiken, fråvær av vald, oversiktleg samfunn? Kor viktig føler dei at tryggheit er?

-Mange svarar at dei tykkjer miljøet i Sogn og Fjordane er for smått. Kva meiner du om det?

-Mange framhevar natur og gode oppvekstvilkår som ein viktig begrunnelse for å bu i sogn og fjordane; kvifor trur du det er slik?

#### Tankar om Utdaning og Arbeid

-Kva syns du om arbeidslivet i Sogn og Fjordane?

-Kva arbeid ser ein føre seg i framtida? Ser ein føre seg eit arbeid i framtida i det heile?

-Kva arbeidsplassar i Stryn kunne du tenkje deg å arbeide på?

-Er det grundarar i Stryn du ser opp til?

-Planar om jobb utdanning etter vgs?

-Gledar de dykk til å starte å arbeide?

#### Tankar om bedriftsetablering, ungt entreprenørskap

Korleis har ein arbeid med Ungdomsbedrift på skulen?

Kva har vore innhaldet i ”faget”?

Kva fag har det vore involvert i? Korleis er det brukt i forskjellige fag?

Har det vore like mykje brukt i alle fag?

Har det vore bedriftsbesøk? Har bedriftene besøkt dykk?

\*kva syns du om det?

Har det vore utplasseringar? (partnerskap)

-kva syns du om det?

Har det vore mentor-ordningar?

-kva syns du om det?

Korleis føler du at næringslivet har vore med på dette?

Kva er hovudemnet / målsettinga med faget syns du?

Korleis syns du det har vært?

Har du jobba med slike ting før?

Korleis syns elevane generelt dette fungerer?

Har du starta bedrift? Kan du fortelje om den?

Kva er det viktigaste du har lært?

Kunne du tenke deg å starte bedrift ein gong?

-Kvifor / kvifor ikkje

Tenker du at Stryn kan vere ein grei plass å starte bedrift? (mål: positiv holdning til lokale ressursar)

Kvifor/kvifor ikkje?

-kva er det største hindere mot å starte bedrift?

-kva er største fordelene?

-korleis blir dei oppmoda til dette?

Skulen?

Foreldre?

Andre?

-korleis meiner dei dette kan tilretteleggast best mogleg

-meiner dei det er viktig å lære om dette?

Kva betyr noko for deg i utdanningsvalg og yrkesvalg:

Faglege interesser?

Ønske om uavhengigheit?

Ønske om å bli leiar?

Det å gjere noko for ei sak?

Det å få opplevingar?

Tene pengar?

God bustad?

Å bli buande i heimstaden?